

Årsmelding 2025

Bykle kommune

26.03.26



**BYKLE
KOMMUNE**

Føreord

2025 har vore eit år prega av målretta utviklingsarbeid, omstilling og sterk innsats i alle delar av organisasjonen. I eit år der både kommunen og lokalsamfunnet møtte nye krav, auka kompleksitet og endringar i rammevilkåra, har Bykle kommune likevel levert stabile tenester, høg kvalitet og god økonomistyring.

Gjennom året har vi særleg hatt merksemd på internkontroll, organisasjonsutvikling og styrking av leiing og struktur, noko som har vore nødvendig for å stå betre rusta til framtidige krav. Omstillinga i organisasjonen er no gjennomført, og vi går inn i 2026 med tre kommunalsjefområde som gir ei tydelegare retning, betre fagleg samordning og meir samla styring av ressursar og oppgåver.

Store utviklingsløft på tvers av sektorane

2025 viser at Bykle kommune har sterk gjennomføringsevne sjølv i tider med høgt arbeidspress. Brynjeprosjektet har markert seg nasjonalt og vist korleis medborgarskap og sosialt entreprenørskap kan skape varig endring for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Planarbeidet har vore omfattande og krevjande, men avgjerande for å sikre framtidig utvikling, særleg innan arealdel, sti- og løypeplan og arbeidet med villrein og besøksforvaltning.

Næringsarbeidet har vore aktivt og strategisk, og den nye næringsplanen legg eit tydeleg grunnlag for dei neste ti åra; med sterkare fokus på verksemdar med vekstpotensial, kraftkrevjande næringar og samskaping med regionale aktørar.

Helse- og omsorgstenestene har gjennomført viktige forbetringar – både innan legemiddelhandtering, beredskap og kvalitetsarbeid – samstundes som dei har levert trygge og forsvarlege tenester trass i rekrutteringsutfordringar nasjonalt. På oppvekstområdet står skular og barnehagar støtt, med stabil økonomi og høg kvalitet i tilbodet, men med tydelege utfordringar knytt til rekruttering, auka barnetalsutvikling og behov for vidare kompetansebygging.

Innen kultur og fritid har vi sett høg aktivitet, auka besøkstal og godt samarbeid med frivillig sektor. Dette viser kor viktig møteplassar, inkludering og kulturtilbod er for livskvaliteten i Bykle.

Teknisk drift og eigedom har levert ein solid innsats, med lågare driftskostnader enn budsjetttert og framdrift på ein kompleks portefølje av bygg, anlegg og VA-infrastruktur. Dette er avgjerande for trygg og effektiv drift av kommunen sine tenester.

God økonomistyring i eit krevjande år

Bykle kommune leverer for 2025 eit resultat som viser nøktern drift, god budsjett disiplin og ansvarleg ressursbruk. Sjølv om fleire område har hatt høgt aktivitetsnivå, har dei fleste

einingar halde seg innanfor rammene. Samstundes syner økonomien at vi er sårbare for svingingar både i kraftmarknaden og i statlege rammer, noko som gjer det nødvendig å halde fram med langsiktig planlegging og stram styring.

Framover: robuste tenester og berekraftig utvikling

Vi går inn i 2026 med eit klart blikk på dei største utfordringane:

- å sikre nok og riktig kompetanse i alle delar av organisasjonen
- å handtere nye statlege krav innan naturforvaltning, energi og planlegging
- å følge opp den strategiske næringsplanen og utvikle nye næringsmoglegheiter
- å styrke samhandlinga mellom tenester – spesielt der ressursane er små og oppgåvene store
- å finne berekraftige løysingar for vekst i både reiseliv, busetjing og samfunnsutvikling
- å sikre økonomisk handlingsrom i møte med auka press på driftsutgiftene

Samla sett viser 2025 at Bykle kommune er ein liten, men kraftfull organisasjon som løyser mange og komplekse oppgåver til beste for innbyggjarane. Det er medarbeidarane våre som gjer dette mogleg. Eg vil takke alle tilsette, tillitsvalde, innbyggjarar, politikarar og samarbeidspartnarar for innsatsen gjennom året.

Med solid fagkompetanse, vilje til utvikling og eit sterkt lokalsamfunn går vi trygt inn i 2026.

Karina Sloth

Kommunedirektør

Budsjettpremisser

Premisser for bruk av løyvingar vert gjeve når budsjett og økonomiplan vert vedteke av kommunestyret.


Dette skjer ved at budsjett vert vedteke på einingsnivå, og ein kan ikkje omprioritere til andre føremål og tenester utan politiske vedtak. Endringar vert gjort ved handsaming av budsjettrevisjon, gjerne i samband med tertialrapportering.

Konkrete budsjettendringar frå år til år kjem fram i økonomiplanen med tilhørande tekstlig forklaring på endringane. Dette gjeld innanfor både drifts- og investeringsrekneskapen.

Eventuelle avvik frå budsjettpremissar kjem fram i dokumentet der dei økonomiske avvika vert kommentert. For 2025 er det ikkje rapportert om avvik i budsjettpremissar.

Organisering

Politisk organisering



Kommunestyret, mandatfordeling ved val i 2023:

	Menn	Kvinner	Sum
Arbeiderpartiet	2	2	4
Senterpartiet	2	0	2
Kristeleg Folkeparti	1	0	1
Høgre	2	1	3
Venstre	1	1	2
Bykle Bygdeliste	1	0	1


Ordfører: Hans Blattmann, AP

Varaordfører: Anne Merethe Hjemdahl, H

Leiar planutval: Anne Merethe Hjemdahl, H

Leiar leverkårsutval: Thor Bernhard Sagland, KRF


Leiar kontrollutvalet: Olav Mandt, H



Politiske saker:

Saker i	2022	2023	2024	2025
Kommunestyret	155	148	148	146
Formannskap	127	118	135	107
Planutval	219	163	160	156
Levekårsutval	36	21	54	26

Kommunen skal ha fokus på god tenesteproduksjon til brukarane våre og aktiv tilrettelegging for næringsutvikling. Brukarane er i første rekkje innbyggjarane våre i kommunen, men fritidsinnbyggjarane, “hyttebyklarar”, er også brukarar av kommunale tenester.



Bykle kommune har i 2025 ein auke i innbyggertal på 18 personar. Per 1.1.2025 var det 1039 innbyggjarar i kommunen, og per 31.12.2025 var vi 1057 personar, 553 menn og 504 kvinner. Her vist i folketal, etter alder. Tal frå SSB.

Personal og organisasjon

HR og organisasjon har i 2025 arbeidd for å vidareutvikle arbeidsgivarpolitikken og styrke kapasiteten i organisasjonen. Det er gjennomført tiltak for digitalisering, profesjonalisering og standardisering av HR-prosessar, samt støtte til leiarar i rekrutterings- og medarbeidaroppfølging.

Rekruttering

Rekrutteringsaktiviteten i 2025 har vore stabil, men utfordrande innan helse og barnehage. Kommunen har arbeidd med målretta annonsering, betre kandidatoppfølging og deltaking på rekrutteringsmesser. Digitale kanalar og sosiale medium er brukt aktivt for å nå fleire kvalifiserte søkjarar

Kompetanseutvikling

Det er gjennomført kompetanseutvikling i 2025, inkludert opplæring i HR-system, Compilo, sak/arkiv og HMS. Nokon medarbeidarar har teke fagbrev og vidareutdanning. Medarbeidarsamtalar har vore eit sentralt verktøy for å kartlegge kompetansebehov.

Leiarutvikling

Leiarutviklingsprogrammet i 2025 har hatt fokus på leiarrollen med forankring i læring og trening. Leiarane har fått opplæring i bruk av HR-system og digitale verktøy som støttar betre medarbeidaroppfølging og styring.

Organisasjonsutvikling

Organisasjonsutviklinga i 2025 har særleg handla om digitalisering og standardisering av rutinar, styrking av HR-systemet og forbetring av informasjonsflyt. Det er arbeidd med å tydeleggjere styringslinjer og sikre god kvalitet i personalprosessane.

Tillitsvalde

Bykle kommune har totalt 15 tillitsvalde ute på arbeidsplassane, inkludert dei tre hovudtillitsvalde frå NSF, Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Hovudtillitsvalde har jamlege møter med kommunedirektøren og personalsjefen, og dei deltek både i tilsetjingssaker og i drøftingar på leiarnivå.

Dei andre tillitsvalde bidreg i ulike prosessar ute på einingane og avdelingane.

Erkjentligheitsmarkering

29. januar 2025 vart det halde ei erkjentligheitsmarkering på Hovdestøylen for tre tilsette som har 25 års tenestetid i Bykle kommune. Markeringa var ei påskjøning for den lange og gode innsatsen deira.

Arbeidsmiljøtiltak

Det er gjennomført trivselstiltak som vårfest, samlingar med stand up komikar og trimprosjekt. Vernetenesta og arbeidsmiljøutvalet har hatt temamøter med bedriftshelsetenesta.

Etikk, varslingsrutinar og arbeidsgivaransvar

I samsvar med kommunelova § 14-7 skal kommunen rapportere om «tiltak som er iverksett og tiltak som planleggjast iverksett for å sikre ein høg etisk standard». Dette ansvaret ligg hos kommunen som heilskap, og arbeidet med etikk, integritet og god forvaltningspraksis går på tvers av sektorane.

I 2025 har Bykle kommune arbeidd systematisk for å vidareutvikle ein etisk forsvarleg og transparent organisasjon. Etikkarbeidet er forankra i sentrale lover som arbeidsmiljølova, forvaltningslova, offentleglova og personopplysningslova, og i kommunen sine eigne styringsdokument, som arbeidsgjevarstrategien, personalpolitisk plattform og HMS-handboka. Kommunen har vidare styrkt varslings- og avvikssystemet gjennom utvida bruk av Compilo, noko som gjer det lettare for tilsette å melde frå om kritikkverdige forhold. I 2025 vart det ikkje meldt saker knytt til etiske brot eller diskriminering, og òg varslingsvart behandla og lukka.

Kommunen har etablerte rutinar som sikrar likebehandling og som sikrar at ingen vert utsette for diskriminering, i tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 26. HR-prosessane – inkludert rekruttering, kompetanseutvikling, leiaropplæring, lønnskartlegging og oppfølging av arbeidsmiljø – er utvikla for å fremje likebehandling og motverke diskriminering. Det vart i 2025 heller ikkje registrert saker om diskriminering eller trakassering.

HMS-arbeidet har vore omfattande og prega av tett samarbeid mellom leiarar, verneombod, AMU og bedriftshelsetenesta. Det er gjennomført vernerundar, risikovurderingar og kulturbyggingstiltak, særleg med merksemd på mobbing, trakassering og open organisasjonskultur. Det samla arbeidet med arbeidsmiljø, inkludering og nærvær har gitt resultat, mellom anna ei betydeleg nedgang i sjukefråværet i 2025.

Samla sett viser arbeidet i 2025 at Bykle kommune har ein robust, systematisk og forankra praksis for etikk, likebehandling og ikkje-diskriminering. Rutinar er på plass, varslingskanalen er styrkt, og kompetanseheving er gjennomført på fleire område. Kommunen planlegg å halde fram dette arbeidet i 2026 med særleg vekt på internkontroll, kulturbygging, leiaropplæring og standardisering av HR-prosessar.

Bykle kommune står difor godt rusta til å vidareføre og forsterke arbeidet med å sikre ein høg etisk standard i tråd med kommunelova § 14-7.

Likestilling

Lovgrunnlag og styring

Bykle kommune følgjer likestillings- og diskrimineringslova § 26 og kommunelova § 14-7, som stiller krav til aktivt, målretta og planmessig arbeid for likestilling og mot diskriminering. Arbeidet er forankra i:

- Arbeidsgjevarstrategien fram mot 2030
- Kommuneplanens samfunnsdel

Det vart ikkje meldt saker om diskriminering eller trakassering i 2025.

Kjønnsamansetning

Kjønnsbalansen i organisasjonen har vore stabil med 72 % kvinner og 28 % menn.

Menn blir oppmoda til å søkje stillingar innan omsorgsyрка, men kvalifikasjonsprinsippet er styrande.

Alders- og kjønnsfordeling (2025)

Aldersgruppe	Kvinner	Menn
Under 20	–	–
20–29	12	9
30–39	26	9
40–49	35	12
50–59	53	22
60–62	11	2
Over 62	7	2

Fleire tilsette er i aldersgruppa over 50 år, noko som gjev stabilitet.

Leiargruppa

Kommunedirektøren si leiargruppe hadde i 2025:

- 9 kvinner
- 4 menn

Foreldrepermisjon

I 2025:

- 5 kvinner har vore i foreldrepermisjon
- 0 menn nytta ordninga

Kommunen har rutinar som sikrar likebehandling og som sikrar at ingen vert utsette for diskriminering, i tråd med likestillings- og diskrimineringslova.

Tiltak i organisasjonen

I 2025 har kommunen særleg arbeidd med:

- systematisk HMS-arbeid
- inkludering og mangfald i rekruttering og arbeidsmiljø
- god mottaking og oppfølging av nytilsette

Likestilling i tenestene

Kommunen arbeider med:

- universell utforming
- inkluderande møteplassar og aktivitetstilbod
- førebygging av utanforskap
- styrking av trygge oppvekstmiljø

Heiltidskultur

Heiltidskultur er ein viktig arbeidslivssatsing i Bykle kommune.
I 2025 arbeider 87,5 % av dei tilsette i heiltidsstilling.

Fordeling 2025:

Stillingstype	Kvinner	Menn
Deltid	21	4
Heiltid	124	51


Kommunen lyser som hovudregel ut faste stillingar i 100 %, og arbeider kontinuerleg med å redusere deltid der dette er mogleg og forsvarleg.

Lønnskartlegging og eventuelle lønnsforskjellar

Kommunen gjennomfører årlege lønnsforhandlingar i tråd med gjeldande tariffavtalar. Forhandlingane byggjer på prinsippa om likestilling, sakleg lønnsfastsetjing og føreseielege kriterium. Arbeidet er forankra i likestillings- og diskrimineringslova, som pålegg arbeidsgivar å jobbe aktivt og planmessig for å sikre rettferdige lønns- og arbeidsvilkår.

I forkant av forhandlingane blir lønnsnivå og mogleg risiko for lønnsdiskriminering kartlagt, i tråd med aktivitetsplikta. Resultata frå kartlegginga blir brukte til å vurdere om det finst lønnsforskjellar som ikkje kan forklarast med objektive kriterium.

Lønnsforhandlingane skjer i samarbeid med tillitsvalde og skal bidra til ein rettvis lønnsutvikling for alle tilsette, inkludert oppfølging av eventuelle identifiserte skilnader frå tidlegare år.



HMS

Bykle kommune arbeider systematisk og målretta med helse, miljø og tryggleik for å sikre eit trygt, inkluderande og utviklande arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS-arbeidet er forankra i kommunedirektøren si leiargruppe og blir følgt opp i alle einingar gjennom faste rutinar, risikovurderingar, avviksarbeid og tett samarbeid mellom leiarar, verneombod og tillitsvalde. Målet er å skape ein arbeidsplass der medarbeidarane trivst, kjenner seg trygge og får utvikle potensialet sitt, både fagleg og personleg.

HMS-arbeidet har i 2025 vore prega av systematikk, digitalisering og tett samarbeid med bedriftshelsetenesta. Alle einingar har gjennomført vernerundar og ROS-analysar, og avvikshandsaminga i Compilo er styrka.

HMS-organisering

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit sentralt organ i kommunen sitt systematiske HMS-arbeid og består av 10 stemmeberettiga medlemmer, likt fordelt mellom arbeidsgjevarrepresentantar og arbeidstakarrepresentantar. AMU hadde fleire møte gjennom 2025, der ei rekkje HMS-relaterte saker vart handsama.

Leiar av AMU i 2025 var Helene Nilsen, som representerte arbeidsgjevar. Bedriftshelsetenesta MDCO har delteke som rådgjevar og bidrege i møte, opplæring og HMS-prosesser.

Kommunen har 13 verneombod, og Tore Engesland fungerte som hovudverneombod i 2025. Alle verneombod og AMU-medlemmar har fått tilbod om lovpålagd HMS-opplæring gjennom bedriftshelsetenesta.

Saker behandla av AMU i 2025

AMU har i 2025 handsama ei brei saksliste som speglar både drift, utvikling og HMS-utfordringar i organisasjonen. Nokre av dei viktigaste sakene er:

- Val av AMU-leiar og møteplan for 2025
- Gjennomgang av HMS-avvik og sjukefråvær per kvartal 2024–2025
- Årsrapportar for verne- og miljøarbeid og for bedriftshelsetenesta sitt arbeid i 2024
- Handlingsplan for MDCO sitt arbeid 2025–2027
- Evaluering av trimprosjektet
- Oppfølging av medarbeidarundersøkinga
- Økonomiplan og budsjett for 2026–2029
- Tema om organisasjonskultur, mobbing og trakassering
- Arbeidstid og arbeidstidsordningar, inkludert drøftingar med tillitsvalde

Sakene viser at AMU har hatt eit breitt fokus både på arbeidsmiljø, tenestekvalitet, kultur og førebyggjande arbeid.

Arbeidsmiljø, avvik og HMS-tilstand

I 2025 vart det registrert:

- 5 arbeidsulykker eller uhell med personskade
- 0 tilfelle av arbeidsrelaterte sjukdomar

- 63 avvik meldt i Compilo
- 1 varsling, som vart lukka i løpet av året

Arbeidsmiljøet i kommunen blir vurdert som generelt godt, men det er framleis rom for auka fokus på avviksoppfølging, risikoreduserande tiltak og kulturbygging. AMU har hatt særleg merksemd på mobbing, trakassering og organisasjonskultur, og dette vert følgt vidare inn i 2026.

Bedriftshelsetenesta (BHT)

BHT (MDCO) har levert tenester innan:

- helsekontrollar for risikoutsette yrkesgrupper
- rådgiving og støtte til verksemder
- deltaking i AMU-møter
- opplæring og kurs, blant anna i vald og truslar
- bistand i risikovurderingar og vernerundar

Dei har òg utarbeidd årleg statusrapport og samarbeidsplan.

Tiltak i 2025 omfattar:

- tett oppfølging av sjuke arbeidstakarar
- evaluering av trimprosjektet
- vidare fokus på førebygging av belastningsskadar
- målretta tiltak i einingar med høgt fråvær
- bruk av BHT i kompliserte oppfølgingssaker

Arbeidstid og overtid

Kommunen kan dokumentere bruk av overtid, og arbeidstidsordningar blir drøfta med tillitsvalde i tråd med lov og avtaleverk.

Handlingsplan og årlege prioriteringar

Handlingsplan for arbeidsmiljøtiltak er gjennomført for 2025. Fokusområde har særleg vore:

- systematisk HMS-arbeid i alle einingar
- styrking av kultur for avviksrapportering
- risikovurderingar
- betre oppfølging av medarbeidarundersøkinga
- arbeid med kultur, inkludering og tryggleik
- samarbeid mellom verneombod, AMU, HR og leiarar

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for 2025 var **6,89 %**, noko som er ein reduksjon på **2,53 prosentpoeng** samanlikna med året før. Dette er ei positiv utvikling og viser at arbeidet med nærvær og oppfølging har hatt effekt.

	Sjukefråværsprosent	Sjukefråværsprosent	Sjukefråværsprosent	Sjukefråværsprosent	Sjukefråværsprosent totalt
Område	2025-Q1	2025-Q2	2025-Q3	2025-Q4	
	9,81 %	6,73 %	4,44 %	6,70 %	6,89 %
Sentraladministrasjonen	12,19 %	9,58 %	3,93 %	0,68 %	6,65 %
Helse og omsorg	11,84 %	8,90 %	6,41 %	8,09 %	8,76 %
Samfunn	5,71 %	3,65 %	2,74 %	5,12 %	4,29 %
Oppvekst	9,05 %	5,12 %	3,15 %	7,48 %	6,20 %

Sjukefråværet i 2025 var totalt **6,89 %**, mot **9,42 %** i 2024.

Årsaker og vurderingar

- ingen meldingar om fråvær direkte knytt til arbeidsmiljøet
- fleire langtidssjukmeldingar påverkar totalen
- tett oppfølging skjer i einingane
- førebygging er ei hovudsatsing

Tiltak

- tettare oppfølging av sjuke arbeidstakarar
- vidareføring av trimprosjektet
- meir systematisk risikovurdering
- betre arbeid med arbeidsmiljø og nærvær

Oppsummering og vegen vidare

Bykle kommune står godt rusta for vidare utvikling. Satsingsområda for 2026 er:

- redusere sjukefråvær
- styrkje rekruttering i kritiske fagområde
- vidareutvikle heiltidskulturen
- satse på kompetanse, digitalisering og arbeidsmiljø
- styrkt arbeid med tryggleik, beredskap og organisasjonskultur

Økonomirapportering drift

Finansielle måltal

Det er ved budsjetthandsaminga vedteke finansielle måltal. Dette for å ivareta den økonomiske handleevna over tid.

Dei vedtekne måltala for 2025 er

- Netto driftsresultat vert sett til minimum 3% av driftsinntektane
- Disposisjonsfond skal vere minimum 15% av driftsinntektane
- Langsiktig gjeld skal vere maksimum 65% av driftsinntektane
- Eigenfinansiering investeringar skal vere minimum 20%

Resultatet for 2025 som gjeld dei finansielle måltala vart slik:

- Netto driftsresultat 11,8 % av driftsinntektane
- Disposisjonsfond (driftsreguleringsfondet) 33% av driftsinntektane
- Langsiktig gjeld (fratrullet pensjonsforpliktelse) 29,1% av driftsinntektane
- Eigenfinansiering investeringar 100%

Tala for 2025 viser at vi ligg godt innforbi den måltal vi har sett for å kunne ivareta den økonomiske handleevna over tid.

Finansiering av årets investeringar er i hovudsak gjort ved bruk av overføring frå drift, innbetalt forskottering spelemidlar og bruk av næringsfond. Det er i 2025 ikkje teke opp nye lån for dekning av investeringar.


Generelt om økonomi

Bykle kommune har ein god økonomi, men inntektene er under press. Realverdien av skattar og avgifter vert redusert år for år. Avkastning, overskot, fondsbeholding og resultatgrad er omgrep som blir nytta i analysen av kommunane som organisasjonar. Desse kan være aktuelle i visse høve, men ein bør hugse på at målet er å gje gode og relevante tenester, å investere i fellesgode og forvaltning som gjev innbyggjarane velferd, trivsel og utfolding.

Samla sett ligg driftsinntektene i 2025 over revidert budsjett. Driftsutgiftane ligg noko over revidert budsjett. Finansresultatet er positivt og ligg over revidert budsjett. Verdiane på aksjar er vurdert i samsvar med gjeldande reglar. Avskrivning på bygg og anlegg er gjennomført med standard avskrivningssatsar. Avsetjingar og periodiseringa er gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk.

Inntektskjeldene for Bykle kommune er naturressursskatt, formues- og inntektsskatt, eidegdomsskatt, konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, finansinntekter og brukarbetaling for kjøp av kommunale tenester. Av driftsinntekter i 2025 på kr 426 227 000 er kr 204 299 000 kraftrelatera inntekter, som følgje av erstatningar og kompensasjon frå kraftutbygging og kraftproduksjon, og dei fordelar seg slik:

- Konsesjonsavgifter (miljøavgift) kr 45 717 000
- Konsesjonskraftinntekter kr 67 038 000
- Naturressursskatt kr 36 294 000
- Eidegdomsskatt på kraftlinjer og kraftproduksjon kr 55 250 000



Dei kraftrelatera inntektene er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er særst viktig å følgje opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigen kompetanse er til stades i kommunen, og at forståinga for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg. Kraftinntekter er resultatet av store kraftutbyggingar i Bykle. Gjennom store reguleringsmagasin i kommunen vert det generera ei verdiskaping av fornybar rein energi på over 3,5TWH. Dette tilsvara straum til over 220 000 husstander.

Store utbyggingar har sin pris, som i Bykle med neddemde og øydelagde grender og bygdelag. Det er derfor veldig viktig å få fram samanhagane mellom den store prisen lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skattar og avgifter som kjem ut i den andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for vidare drift og utvikling av lokalsamfunnet. Kraftinntekter er kompensasjon for naturinngrep. At lokalsamfunnet får noko tilbake er avgjerande med tanke på nye utbyggingar. Avkastinga av desse utbyggingane til region og stat er i sum fleire gonger større enn det som vert attendeført til rørde lokalsamfunn.

Driftsresultat

Bykle kommune hadde eit netto driftsresultat i 2025 på kr 50 438 000. Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Resultatet syner om kommunen byggjer eller tærer på eigenkapitalen.

Årsmelding 2025

Konsesjonsavgifter som er inkludert i netto driftsresultat, kr 45 717 000 for 2025, har særskilte reglar for korleis dei kan nyttast (til næring eller utbygging/infrastruktur).

Brutto driftsresultat syner dei inntekter ein sitt att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivningar, er dekkja.

Resultatmål (tal i 1000)	2021	2022	2023	2024	2025
Brutto driftsresultat	-36 671	-22 910	-58 469	17 736	-3 980
Netto driftsresultat	-49 415	-48 480	-96 253	-24 560	-50 438
Samla driftsinntekter	-315319	-347426	-447297	-431896	-426227
Samla driftsutgifter	278 648	324 515	388 824	449 632	422 246

Brutto og netto resultatgrad syner forholdet mellom samla inntekter og utgifter. Forskjellen er at den eine (brutto) tek omsyn til avskrivningar, medan den andre (netto) tek omsyn til finansresultatet. I kommunerekneskapen er det mest fokus på netto driftsresultat, då dette tale seier noko om kva kommunen har av eige midlar til investering og avsetning (sparing).


Likviditetssituasjonen er god. Samla kommunal langsiktig gjeld, om ein ser bort i frå pensjonsforpliktelser, er på kr 124 180 000. Av dette er lån teke opp i Husbanken for vidare utlån ,kr 20 003 000 . Resterande er for finansiering av eigne bygg og til sjølvkostområdet vann,avløp og renovasjon. Kommunen har per 31.12. ikkje plasseringar i langsiktige finansielle midler.

Saldo på næringsfond, driftsreguleringsfond og kapitalfond er i 2025 auka med kr 10 278 000.Total saldo på fond, inkludert bundne midlar, er på kr 346 805 000. Dette tilsvaret ca 83 % av årets driftsinntekter. Deler av desse midlane er bundne midlar, så som grunnkapital næringsfond, løyvde ikkje utbetala næringstilskott, øremerke midlar og midlar sett av til vedtekne tiltak.


Inntektane for 2025 er høge på grunn av kraftinntektene, men forholdet mellom inntekter og utgifter må ikkje få utvikle seg i negativ retning, og vi må arbeide vidare med tiltak for å oppretthalde handlefridomen vår.

Sentrale inntekter

Fordeling inntekter



Sentrale utgifter



Fordeling utgifter fordeling over fleire år for sammenligning lønn etc - hovudposter år 2023-2024-2025

	2023	2024	2025
Lønnsutgifter	145 908 000	162 674 000	160 798 000
Sosiale utgifter	34 147 000	50 251 000	38 936 000
Kjøp varer og tenester	129 923 000	111 788 000	113 805 000
Overføring og tilskott til andre	52 637 000	98 582 000	79 018 000

Lønnsutgifter er brutto løn. Refusjon sykepenger, foreldrepengar o.a. refusjon er ikkje med i tala.

I sosiale utgifter ligg premieavvik pensjon. Inntektsføring eit år vert utgiftsført neste år. Dette kan gje merkbare variasjonar, som t.d. 2024 viser. Her var ein kostnad på kr 13 mill som gjaldt premieavvik.

Kjøp varer og tenester gjelder ordinært kjøp samt kjøp frå andre kommunar, inkludert interkommunale selskap.

Overføring og tilskott til andre er i tillegg til tilskott til private og næringsdrivande også kostnad meirverdiavgiftskompensasjon for kjøp av varer og tenester.

Fond

Næringsfondet

Næringsfondet består av midlar frå årlege konsesjonsavgifter. Det er bindingar på kva desse midlane kan nyttast til. Vi nyttar desse midlane til delfinansiering av investeringar i eigne infrastrukturtiltak, til å dekke renter og avdrag på innlån, og til næringstilskott.

Næringsfondet har ein bunden grunnkapital på kr 20 900 000. Saldo per 01.01.2025 var på kr 116 619 000. Årets tilførsel består av konsesjonsavgifter tillagt renter, sum kr 48 875 000.

Bruk i 2025 er på kr 10 587 000 som er nytta til tilskott næringstiltak. Bruk av næringsfond er under budsjett. For overføringar til investeringsrekneskapet skuldast dette at budsjetterte prosjekt ikkje har framdrift som budsjettert. Mindreforbruk næringsfond til investering utgjer kr 5 900 000. I tillegg er meirinntekter nytta til å dekke tilskott som elles skulle vært finansiert frå næringsfondet, kr 22 600 000.

Næringsfondet har per 31.12.2025 ein saldo på kr 154 908 000.

Avsetning til bundne fond

Årets avsetning til bundne fond: kr 50 072 304

Konsesjonsavgift	48 875 191
Tilskott symjeopplæring	21 728
Tilskott kompetanse	194 470
Sjølvkost	980 915

Bruk av bundne fond

Årets bruk av bundne fond: kr 43 911 969

Næringstilskott	10 587 000
Statens vegvesen, tilbakebetaling	30 000 000
Sjølvkost	3 324 969

Avsetning til disposisjonsfond

Årets avsetning til disposisjonsfond kr 4 131 737 avsett driftsreguleringsfondet. Av dette er kr 850 737 avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond.




Økonomisk analyse


Arbeidskapital er dei likvide midlane ein har for å finansiere den daglege drift og for å dekke kortsiktige forpliktingar.

Endringar i arbeidskapital				
i 1000	2022	2023	2024	2025
Sum omløpsmidlar 01.01	326 804	369 855	408 726	407 735
Sum omløpsmidlar 31.12	369 855	408 726	407 735	444 969
Endring i omløpsmidlar (A)	42 151	39 770	-990	37 234
Gjeld på kort sikt 01.01.	38 474	51 435	40 992	49 876
Gjeld på kort sikt 31.12.	51 435	40 992	49 846	76 801
Endring i gjeld på kort sikt (B)	-12 960	10 443	-8 854	-26 955
Endring i arbeidskapital (A-B)	29 190	50 213	-9 844	10 278
Arbeidskapital pr 31.12.	317 520	367 733	357 889	368 167


Skattedekningsgrad syner storleiken på skatteinntektene i høve til driftsutgiftane. Denne får ein fram ved å rekne ut summen av eigedomsskatten, formues- og inntektsskatten og naturressursskatten sin prosentvise del av driftsutgiftane.



Resultatgrad syner kor stor del av brutto driftsresultat som kan nyttast til å dekke anna enn driftsutgifter. Ved å rekne ut brutto driftsresultat sin prosentvise ande av driftsinntektene, får ein resultatgrad (korrigera for avskrivningar).



Rente- og avdragstyngd syner kor stor del av brutto driftsresultat (korrigera for avskrivningar) som vert nytta til dekking av renter og avdrag på lån.



Løyvingsoversikt drift §5-4 første ledd

BEVLGNINGSOVERSIKT DRIFT

	Note	Regnskap 2025	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2024
1 Rammetilskudd		-28 525 361	-26 667 000	-24 051 000	-22 118 351
2 Inntekts- og formuesskatt		-54 999 915	-51 768 000	-51 768 000	-45 529 363
3 Eiendomsskatt		-55 249 718	-54 749 000	-56 300 000	-56 784 929
4 Andre generelle driftsinntekter		-96 085 277	-78 500 000	-38 600 000	-88 774 599
5 Sum generelle driftsinntekter		-234 860 271	-211 684 000	-170 719 000	-213 207 242
6 Sum bevilgninger drift, netto		201 190 079	196 762 000	143 716 000	204 605 523
7 Avskrivninger	4	29 689 354	26 000 000	26 000 000	26 338 675
8 Sum netto driftsutgifter		230 879 433	222 762 000	169 716 000	230 944 198
9 Brutto driftsresultat		-3 980 838	11 078 000	-1 003 000	17 736 956
10 Renteinntekter		-17 112 812	-14 606 000	-14 606 000	-16 832 215
11 Utbytter		-12 461 722	-12 063 000	-12 063 000	-13 765 783
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		0	0	0	0
13 Renteutgifter		4 935 010	5 540 000	5 540 000	5 260 671
14 Avdrag på lån	7	7 871 564	10 675 000	10 675 000	9 378 812
15 Netto finansutgifter		-16 767 960	-10 454 000	-10 454 000	-15 958 515
16 Motpost avskrivninger		-29 689 354	-26 000 000	-26 000 000	-26 338 675
17 Netto driftsresultat		-50 438 151	-25 376 000	-37 457 000	-24 560 234
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering		40 146 079	60 751 000	34 400 000	12 604 620
19 Avsetninger til bundne driftsfond	10	50 072 304	43 500 000	43 500 000	81 010 765
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-43 911 969	-81 426 000	-43 500 000	-66 755 151
21 Avsetninger til disposisjonsfond		4 131 737	3 317 000	3 057 000	0
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-766 000	0	-2 300 000
23 Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0
24 Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat		50 438 151	25 376 000	37 457 000	24 560 234
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	0

Kommentar til løyvingsoversikt drift §5-4 første ledd

Sum generelle driftsinntekter:

Sum sentrale driftsinntekter er kr 23 176 000 over budsjett. Rammetilskott på kr 1,9 mill, inntekts- og formuesskatt på kr 3,2 mill, eigedomsskatt på kr 0,5 mill og andre generelle driftsinntekter (konsesjonsavgift, refusjon frå staten til flyktningar og naturressursskatt) ligg kr 17,6 mill over budsjett. Andre statlige overføringar utgjer kr 14 mill, der overføring flyktningar utgjer kr 12,5 mill. Dei restarande kr 1,6 mill gjeld m.a. frivilligsentral, Brynjeprojektet og rentekompensasjon.

Sum netto driftsutgifter:

Sum bevilgninger drift, er samla driftsutgifter per tenesteområde. Samla sum avvik på meirforbruk på kr 4,4 mill. frå revidert budsjett. Differansen vert forklart under bevilling rammeområde, oversikt etter § 5-4,2 ledd.

Årets avskrivningar vart kr 3,7 mill over budsjett.

Netto finansresultat:

Netto finansresultat er kr 6,3 mill over budsjett. Renteinntektane vart kr 2,5 mill over budsjett, medan renteutgifter og avdrags-utgifter var samla kr 3,4 mill under budsjett. Investeringsane våre har vore lågare enn budsjett, og har gjort at vi har hatt meir midlar ståande til forrenting. I tillegg har vi også fått meir inntekter enn forventa. Mindre investeringar har og gjort at renteutgifter og avdrag har vorte lågare.

Disponering av netto driftsresultat:

Det er overført kr 20,6 mill mindre til investeringar enn budsjett. Dette skuldast at investeringane ikkje er gjennomført som budsjett. Detaljert gjennomgang av investeringar er gjort seinare i dokumentet.

Avsetningar til bundne driftsfond er høgare enn budsjett, kr 6,5 mill. Dette skuldast at konsesjonsavgift inkludert berekna renter vart høgare enn budsjett. Bruk av bundne driftsfond er kr 37,5 mill mindre enn budsjett. Dette skuldast at driftsinntektene er høgare enn budsjett, noko som gjev at det ikkje er trong for bruk av fond. Inkludert i bruk av bundne driftsfond ligg tilbakeføring av kr 30 mill til Statens vegvesen.

Avsetning til disposisjonsfond er kr 0,8 mill høgare enn budsjett, og bruk av disposisjons-fond kr 0,8 mill mindre enn budsjett. Dette skuldast at det ikkje er trong for finansiering på grunn av mindre overføring til investering og høge driftsinntekter.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4,2 ledd

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - BUDSJETTOMRÅDER

	Regnskap 2025	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2024
Bevilgning drift, netto budsjettområde 100 Politisk styre, råd og utvalg	5 869 995	3 726 987	3 726 987	5 605 518
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Politisk styr, råd og utvalg	5 869 995	3 726 987	3 726 987	5 605 518
Bevilgning drift, netto budsjettområde 101- Sentraladministrasjonen	63 266 513	67 604 001	55 618 001	101 152 009
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				-583 114
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Sentraladministrasjonen	63 266 513	67 604 001	55 618 001	100 568 895
Bevilgning drift, netto budsjettområde 200 Pleie og omsorg	37 833 457	43 035 756	43 035 756	36 114 285
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Pleie og omsorg	37 833 457	43 035 756	43 035 756	36 114 285
Bevilgning drift, netto budsjettområde 210 Helsetenesta i Bykle og Valle	11 784 938	16 892 431	16 892 431	15 420 141
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Helsetenesta i Bykle og Valle	11 784 938	16 892 431	16 892 431	15 420 141
Bevilgning drift, netto budsjettområde 300 - Teknisk drift og eigedom	48 411 501	27 778 180	27 278 180	4 326 791
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				27 662 718
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				-2 100 000
Sum budsjettområde Teknisk drift og eigedom	48 411 501	27 778 180	27 278 180	29 889 509
Bevilgning drift, netto budsjettområde 400-Kultur og fritid	11 959 349	12 159 966	12 104 966	11 297 862
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				-200 000
Sum budsjettområde Kultur og fritid	11 959 349	12 159 966	12 104 966	11 097 862
Bevilgning drift, netto budsjettområde 500 - Bykle barne- og ungdomssk	19 161 136	19 129 772	19 129 772	19 027 156
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Bykle barne- og ungdomsskule	19 161 136	19 129 772	19 129 772	19 027 156

Årsmelding 2025

Bevilgning drift, netto budsjettområde 510 - Fjellgardane skule	13 359 796	14 208 703	14 208 703	13 996 498
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Fjellgardane skule	13 359 796	14 208 703	14 208 703	13 996 498
Bevilgning drift, netto budsjettområde 520 - Barnehage	14 032 184	16 103 204	15 498 204	12 087 664
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Barnehage	14 032 184	16 103 204	15 498 204	12 087 664
Bevilgning drift, netto budsjettområde 600 - Interkommunalt samarbeid	37 456 338	35 743 000	35 743 000	34 003 771
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Interkommunalt samarbeid	37 456 338	35 743 000	35 743 000	34 003 771
Bevilgning drift, netto budsjettområde 700 - Fond,interne overføringer	5 988 914			15 156 916

Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				-63 384 755
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Fond,interne overføringer	5 988 914	0	0	-48 227 839
Bevilgning drift, netto budsjettområde 701 Skatt,avgift,finans	-67 934 043	-59 620 000	99 520 000	-63 583 088
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				51 010 765
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Sentraladministrasjonen	-67 934 043	-59 620 000	99 520 000	-12 572 323
Sum bevilgninger drift netto	201 190 079	196 762 000	143 716 000	204 605 523
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	14 705 614
Sum netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-2 300 000
Sum budsjettområdene	201 190 079	196 762 000	143 716 000	217 011 137

Kommentar til løyvingsoversikt drift etter §5-4 andre ledd

Kommentar per til bevilgningsoversikt §5-4,2 ledd, budsjettområder:

Politisk styre,råd,utvalg: kr 2,1 mill over budsjett

- Det har vore fleire møter, dagssamlingar og studieturar enn budsjettet.

Sentraladministrasjonen: kr 4,3 mill under budsjett

- Innunder sentraladministrasjonen budsjettera ein med lønspott (kr 6,9 mill)og andre felleskostnader til fordeling på einingane. Lønspotten vert berre nytta om einingane går med meirforbruk. I år har ein ikkje nytta lønspotten.
- Mindreforbruk pensjon og arbeidsgjevaravgift i fellesport utgjer kr 2,7 mill.
- Det vart løyvd kr 2 mill til leiarutvikling. Kun deler av desse midlane vart nytta i 2025 da arbeidet med omorganisering har teke meir tid enn tenkt.
- Meirinntekt frå staten i budsjett, refusjon flyktningar ligg og her som budsjettpost, jfr kommentar under § 5-4,1 ledd, og utgjer kr 14 mill i inntekt.dei bokførde inntektene ligg under §5-4 1 ledd. Dette gjer at det framkommer ein mindreinntekt i flyktingtenesta på kr 14,2 mill. Ser ein på kostnadsdekking er det eit mindreforbruk i flyktingtenesta som utgjer kr 2,5 mill. Her ligg ein del av kostnadane ute på andre avdelingar.
- Innenunder sentraladministrasjon ligg kostnader til fordeling ut på einingane ved behov, t.d. dekning sommarhjelp, arbeidsmarknadstiltak o.a. Dette har eit mindreforbruk på kr 3,1 mill.
- I tillegg har det vore eit generelt mindreforbruk på kr 1,1 mill.

Pleie og omsorg: kr 5,2 mill under budsjett

- Pleie- og omsorg fikk tildelt kr 5 mill til prosjekt velferdsteknologi. Desse midlane er ikkje nytta, og ein vil be om at desse vert overført til 2027. Arbeidet vart utsett i påvente av nyttilsetjingar i samband med omorganisering av tenesta.

Helsetenesta i Bykle og Valle: kr 5,1 mill under budsjett.

- Helsetenesta for Bykle og Valle gjekk med mindreforbruk på kr 5,1 mill. Dette skuldast etterbetaling av refusjonsinntekter (som auka med kr 2,65 mill frå i fjor). I tillegg vart lønskostnadene under budsjett.

Teknisk drift og eigedom: kr 20,6 mill over budsjett

- *Ein må korrigere vist resultat på 20 633 000 i overforbruk mot bruk av bunde fond for tilbakebetaling kr 30 000 000 til statens vegvesen. Dette gjev reelt kr 9,4 mill under budsjett.*
- Sjølvkostområdet vert berekna per område for meirforbruk eller meirinntekt. Meirinntekt vert nytta til å dekke tidlegare års meirforbruk, eller ein sett av overskytande midlar til fond for bruk seinare år. Meirforbruk vert og ført mot fond til inndecking seinare år.
- Teknisk drift og eigedom har eit mindreforbruk. Det har vore færre uforutsette naudsynte tiltak på bygg og anlegg i år, og ein har hatt meir fokus på kostnadar. Samstundes har husleigeinntekta vore høgare enn forventa grunna høgt belegg på utleigebustadane.

Kultur og fritid: kr 0,2 mill under budsjett

- Eininga har hatt forbruk omlag som budsjettert.

Bykle barne- og ungdomsskule: på budsjett

Fjellgardane skule: kr 0,8 mill under budsjett budsjett.

- Skulane har hatt forbruk omlag som budsjett, kr 0,8 mill under budsjett. Det har vore nokre overføringar i ressursar mellom skulane så ein ser desse under eit.

Barnehage: kr 2,0 mill under budsjett

- Barnehage har eit mindreforbruk på kr 2 mill. Dette skuldast høge refusjonar sjukepengar utan at ein har gått over på lønskostnadene. Brukerbetaling ligg og over budsjett på grunn av auka tal på barn.

Interkommunale samarbeid/anna eksternt: kr 1,7 mill over budsjett

- Nokre samarbeid har gått over budsjett, nokre under. Nav Midt-Agder ligg høgare enn budsjett. Dette vert dekkja inn ved bruk av midlar som ligg under sentraladministrasjon, flyktning.

Sentrale inntekter og utgifter: Fond, interne overføringar og Skatt, avgift finans: kr 2,3 mill over budsjett

- Fondsoverføringar er kr 6 mill over budsjett. Dette gjeld føringa premieavvik pensjon.
- Inntekter skatt, avgift finans er kr 8,3 mill over budsjett. Dette gjeld i hovudsak meirinntekt konsesjonskraft.



Status §5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Rev. bud. 2025
Rammetilskot	-22 118	-24 051	-26 667	-28 525	1 858	-26 667
Skatt på inntekt og formue	-45 529	-51 768	-51 768	-55 000	3 232	-51 768
Eigedomsskatt	-56 785	-56 300	-54 749	-55 250	501	-54 749
Andre skatteinntekter	-79 207	-38 600	-78 500	-82 011	3 511	-78 500
Andre overføringer og tilskot frå staten	-47 886	-14 200	-14 200	-14 075	-125	-14 200
Overføringer og tilskot frå andre	-124 206	-130 770	-93 804	-126 162	32 358	-93 804
Brukarbetalingar	-5 825	-2 783	-2 783	-8 079	5 297	-2 783
Sals- og leigeinntekter	-50 339	-50 941	-50 941	-57 125	6 184	-50 941
Sum driftsinntekter	-431 896	-369 412	-373 411	-426 227	52 816	-373 411
Utgifter til løn	162 674	162 652	166 246	160 798	5 448	166 246
Sosiale utgifter	50 251	41 495	41 495	38 936	2 559	41 495
Kjøp av varer og tenester	111 788	112 607	113 343	113 805	-462	113 343
Overføringer og tilskot til andre	98 582	25 656	37 406	79 018	-41 612	37 406
Avskrivningar	26 339	26 000	26 000	29 689	-3 689	26 000
Sum driftsutgifter	449 633	368 409	384 489	422 246	-37 757	384 489
Brutto driftsresultat	17 737	-1 003	11 078	-3 981	15 059	11 078
Renteinntekter	-16 832	-14 606	-14 606	-17 113	2 507	-14 606
Utbytte	-13 766	-12 063	-12 063	-12 462	399	-12 063
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	5 261	5 540	5 540	4 935	605	5 540
Avdrag på lån	9 379	10 675	10 675	7 872	2 803	10 675
Netto finansutgifter	-15 959	-10 454	-10 454	-16 768	6 314	-10 454
Motpost avskrivningar	-26 339	-26 000	-26 000	-29 689	3 689	-26 000
Netto driftsresultat	-24 560	-37 457	-25 376	-50 438	25 062	-25 376
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	12 605	34 400	60 751	40 146	20 605	60 751
Avsetningar til bundne driftsfond	81 011	43 500	43 500	50 072	-6 572	43 500
Bruk av bundne driftsfond	-66 755	-43 500	-81 426	-43 912	-37 514	-81 426
Avsetningar til disposisjonsfond	0	3 057	3 317	4 132	-815	3 317
Bruk av disposisjonsfond	-2 300	0	-766	0	-766	-766
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	24 560	37 457	25 376	50 438	-25 062	25 376
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Kommentar til økonomisk oversikt drift

Sum driftsinntekter er kr 52,8 mill over budsjett.

Rammetilskott, skatt på inntekt og formue, eigedomsskatt og andre skatteinntekter (konsesjonavgift og naturressursskatt) utgjør kr 9,1 mill over budsjett.

Overføringer og tilskott frå andre ligg kr 32,4 mill over budsjett. Auka utbetaling konsesjonskraftinntekter utgjør kr 8,4 mill i avvik. Sjukelønnsrefusjon utgjør kr 6,5 mill som ikkje er budsjettert. Inne i denne summen på overføringer ligg og refusjon meirverdiavgiftskompensasjon på kr 13 mill. Denne inntektene har sin mot-post i driftsutgifter, under overføringer og tilskott til andre. Anna refusjon frå staten, fylkeskommunar og kommunar utgjør kr 4,5 mill over budsjett.

Brukarbetalingar og sals-og leigeinntekter vart kr 11 ,5 mill over budsjett. Kommunal avgifter inn-forbi sjølvkostområdet utgjør avvik på kr 6,7 mill. Meirinntekter sjølvkost utover kostnader vert avsett til fond. Brukarbetalingar og husleigeinntekter har vore for lågt budsjettert.

Sum driftsutgifter er kr 37,8 mill over budsjett.

Utgifter til løn og sosiale utgifter er kr 8,0 mill under budsjett. Den unytta lønnsposten på kr 6,9 mill er inkludert her.

Overføringer og tilskot til andre viser meirforbruk mot budsjett på kr 41,6 mill. Av dette utgjør kr 30 mill tilbakebetaling av midlar til Statens vegvesen. Desse midlane vart innbetalt i 2024 til bruk på riksvegen ved omlegging utanom Hovden sentrum. Midlane vert tilbakebetalt då investeringane utgjekk. Motpost meirverdiavgiftskompensasjon ligg også her, med kr 13 mill.

Netto finansresultat er kr 6,3 mill betre enn budsjett

Renteinntekter og utbytte er kr 2,9 mill høgare enn budsjettert, medan renteutgifter og avdrag er kr 3,4 mill lågare enn budsjettert.

Netto driftsresultat på kr 50,4 mill vart derfor kr 25 mill betre enn budsjett.

Disponering av netto driftsresultat er gjort ved overføring til investeringsrekneskapen med kr 40,1 mill. Det er gjort /netto) avsetning til bundne fond med kr 6,1 mill og avsetning til disposisjonsfond med kr 4,1 mill.

Investeringar

Det er gjort investeringar i varige driftsmidlar på kr 8 787 000. Dette er kr 25 513 000 under budsjett. Differansen skuldast i hovudpunkt forskyving av igangsetting prosjekter. Dei enkelte prosjekt og avvik er kommentera under status § 5-5 andre ledd.

Investeringar i aksjar gjeld eigenkapitaltilskott til KLP, og utlån eigne midlar er gjort i.h.t. budsjett.

Manglande gjennomføring av tiltak gjer også at overføring frå drift til finansiering av tiltaka er lågare enn budsjettert.

Investeringsinntekter viser kr 3 650 000 i avvik frå budsjett. Dette skuldast at ein ikkje budsjetterer med refusjon spelemidlar då det er usikkert når dei kjem. Det same gjeld mottekne avdrag på utlån av egne midlar.

Investeringsrekneskapen syner kr 8 087 000 i utlån. Dette er nye utlån, formidlingslån, som ikkje er budsjettera i 2025. Finansiering vert derfor gjort ved bruk av midlar overført frå drift. Avdrag på vidareutlån og mottatte avdrag vidareutlån ligg begge over budsjett. Differanse mellom utbetalte avdrag og mottatte avdrag skuldast m.a. forskjell i løpetid på lån.

BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING

	Note	Regnskap 2025	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2024
1 Investeringer i varige driftsmidler		8 786 940	34 300 000	34 125 000	43 005 599
2 Tilskudd til andres investeringer		0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper		684 104	600 000	600 000	902 943
4 Utlån av egne midler		30 046 000	30 025 000	0	0
5 Avdrag på lån		0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter		39 517 044	64 925 000	34 725 000	43 908 542
7 Kompensasjon for merverdiavgift		-879 951	-625 000	-625 000	-1 083 168
8 Tilskudd fra andre		-4 501 368	-3 849 000	0	-100 000
9 Salg av varige driftsmidler		-393 030	0	0	-129 582
10 Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper		0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler		-2 349 992	0	0	-349 992
13 Bruk av lån		0	0	0	0
14 Sum investeringsinntekter		-8 124 341	-4 474 000	-625 000	-1 662 742
15 Videreutlån		8 087 000	0	0	1 850 000
16 Bruk av lån til videreutlån		0	0	0	-1 850 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	7	1 498 493	650 000	650 000	1 022 381
18 Mottatte avdrag på videreutlån		-818 245	-350 000	-350 000	-713 739
19 Netto utgifter videreutlån		8 767 249	300 000	300 000	308 642
20 Overføring fra drift		-40 146 079	-60 751 000	-34 400 000	-12 604 620
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	10	36 305	0	0	50 178
22 Bruk av bundne investeringsfond	10	-50 178	0	0	0
23 Avsetning til ubundet investeringsfond		0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond		0	0	0	-30 000 000
25 Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger		-40 159 952	-60 751 000	-34 400 000	-42 554 442
27 Fremført til inndeckning i senere år (udekket beløp)		0	0	0	0

Status §5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Rev. bud. 2025
Hovedplan VA		216	16 000	16 000	3 455	12 545	16 000
VA rehab nedre Sarv		2 319	0	0	0	0	0
Hovden Vassverk		924	0	0	0	0	0
Kommunal bustad		18 155	0	0	0	0	0
Tomtesalg/-kjøp		2 900	0	0	0	0	0
Utbyggingsavtaler		0	625	625	0	625	625
Hodenuten Hytte og sti		753	0	0	0	0	0
Hovden langrennsarena		337	0	0	0	0	0
Røykebu heimen		269	0	0	0	0	0
Uteområde Fjellgardane barnehage		736	0	0	0	0	0
Lyd Lys Hovden grendehus		443	0	0	0	0	0
Grillbod Bykle skule		138	0	0	0	0	0
Utsifting utstyr		1 706	0	0	124	-124	0
Bibliotekhyller		698	0	0	0	0	0
Inntaksledn Hovden VBA		10 486	0	0	0	0	0
Lyd Lys data kommunestyresal		1 226	0	0	0	0	0
Stikkledning Badeland		1 700	0	0	0	0	0
Ventilasjon Hovden grendehus		0	1 875	1 875	1 479	396	1 875
Skilting bygg, til og på		0	625	625	0	625	625
Flerbrukshall Bykle		0	0	0	59	-59	0
Industriareal Hovden		0	5 000	5 000	0	5 000	5 000
Sentrumsbygg Bykle		0	0	0	300	-300	0
Utviklingstiltak Hovden		0	10 000	10 000	3 194	6 806	10 000
Innkjøp kunst		0	0	175	175	0	175
Investeringar i varige driftsmidlar		43 006	34 125	34 300	8 787	25 513	34 300

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Rev. bud. 2025
Investeringar i varige driftsmidlar		0	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Rev. bud. 2025
Aksjer og andeler		903	600	600	684	-84	600
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		903	600	600	684	-84	600

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

Årsmelding 2025

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Rev. bud. 2025
Utlån investeringsregnskap		0	15 000	30 025	30 046	-21	30 025
Utlån av egne midlar		0	15 000	30 025	30 046	-21	30 025
Sum del 1-4		43 909	49 725	64 925	39 517	25 408	64 925

Statustekst investeringar

Flerbrukshall Bykle

Bykle kommune overtok ansvaret for prosjektet i år. Ein har jobba med å redusere omfang av prosjektet for at det skal passe inn i nye budsjetttrammar.

Ved hjelp av arkitekt er det no utarbeida nye teikningar og laga nytt estimat. Dette skal presenterast i kommunestyremøte i desember for vidare avklaring. Det er brukt nokon midlar på prosjektet i år sjølv om ein ikkje har budsjett, dette er forskutterte midlar frå 2026.

Hovedplan VA

Opprinneleg hovudtiltak i Hovedplan VA i 2025 var VA-tiltak knyta til omkjøringsveg på Hovden. Vegprosjektet ble kansellert i vår, og dermed måtte ein også vurdere VA-tiltak på nytt. Ein hadde for kort tid til å sette i verk nytt tiltak, difor landa ein på å nytte 2025 til prosjektering av det neste store tiltaket i Hovudplanen. Dette settast i verk i 2026. Ein for difor eit relativt stort mindreforbruk i 2025 i høve til budsjett. Dette ønskast overført til 2026.

Industriareal Hovden

Det vil ikkje påløpe noko på dette prosjektet i år. Ein er ikkje kome noko vidare med arbeid med industriareal på Hovden.

Innkjøp kunst

Bykle kommune har kjøpt inn sju blyantteikningar av Asor Hansen frå 1916 til Flatelandstoga. Kjøpesum er 175 000 kr, der 50 000 kr er dekt av eksterne tilskot. Netto kostnad for kommunen er 125 000 kr, finansiert av kulturfondet. Kunstverka er monterte, og arbeid med lyssetting og sikring er i gang i samarbeid med fagmiljø. Prosjektet er i rute, men ein del av støtta kan komme på 2026 budsjett utan at dette medfører avvik i kostnadsramma for 2025. Utstillinga blir offisielt opna innan 2026.

Sentrumsbygg Bykle

Det er påløpt nokre prosjekteringskostnader i år. Det arbeidast for å finne løysing, og ein reknar med mogleg igangsetting i 2026 eller 2027.

Skilting bygg, til og på

Ein har vore i kontakt med alle einingar og fått ønsker og innspill på nye skilt. Behovet har vore betydeleg lågare enn det ein trudde i 2024. Skilta er no i hovudsak montert og alle kostnader er ført i driftsrekneskapen.

Utbyggingsavtaler

Prosjektet vil gå noko over budsjettet i år, ein reknar med dette vil takast inn i 2026.

Utlån investeringsregnskap

Utlån gjeld Hovden Fjellbad, forskottering av spelemidlar og mellombels finansiering i påvente av overføring hybelbygg.

Utsifting utstyr

Det er gjort noko innkjøp av utstyr. Dette vert dekkja av mindreforbruk innafor andre prosjekt.

Utviklingstiltak Hovden

I 2025 er det i hovudsak prosjektet i Hovden sentrum som prioriterast. Dette er eit samspelsprosjekt der entreprenør og byggherre saman skal finne gode løysingar. Opphavleg framdriftsplan var at trinn ein skulle utførast i år. Etter vedtak frå formannskapet så er dette utsett til neste år, slik at både trinn 1 og trinn 2 utførast då. Dette førar også med seg ein justering av påløpte kostnader frå 2025 til 2026. Prosjektet er elles i høve til planen. Unytta midlar i 2025 ynskjast overført til 2026/2027.

Ventilasjon Hovden grendehus

Prosjektet er ferdig. Det har vore ein omfattande prosess grunna byggesak som måtte sendast inn.



Kommunen sine tenesteområde

Politisk styre,råd ,utvalg

Generelt

Denne eininga dekker drift av politisk nivå med godtgjersle for dei forskjellige råd og utval i kommunen.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 606	3 727	5 870	-2 143	-57,5 %

Kommentar til status økonomi

Forbruk for denne eininga ligg over budsjett. Einiga dekker godtgjersle for politisk nivå i kommunen. Som forbruket viser har det vært stor aktivitet også i 2025, med fleire fagdagar, studieturar og samlingar i tillegg til ordinære møter i råd og utval.

Sentraladministrasjon

Generelt

1010 Kommunedirektør

Direkte under kommunedirektøren i 2025 lå, i tillegg til stabs-eingane, Brynjeprosjektet, digitaliseringsansvarleg/beredskapskoordinator, kommunikasjonsrådgjevar, skule- og barnehage fagleg rådgjevar, strategisk rådgjevar, juridisk rådgjevar og kommuneoverlege.

Stabseiningane har vore planavdelinga, HR- og organisasjon, flyktningarbeid, næringsavdelinga og økonomiavdelinga. Leiar for planavdeling har fungert som leiar for næringsavdelinga.

I tillegg rapporterer vertskommunesamarbeidet NAV og den interkommunale barnevernstenesta direkte til kommunedirektør.

Brynjeprosjektet:

Innleiing og målsetjing:

Brynjeprosjektet har i 2025 festa grepet om «Byklemodellen», ei ramme for medborgarskap og sosialt entreprenørskap som går lenger enn tradisjonelle enkelttiltak. Prosjektet byggjer på erkjenninga av at utanforskap ikkje kan løysast med pengar åleine, men krev ein heilskapleg kultur for inkludering der lokalsamfunnet forsterkar eksisterande ressursar. Målet er varig jobb, meistring og tilhøyrse for alle.

Aktivitetar og tiltak: Året har vore prega av høg aktivitet og tiltak på fleire nivå, mellom anna:

- **Vaskeriet i Bykle og samarbeid med Setpro:** Verksemda er no godt etablert og i vekst. Ein viktig milepåle i 2025 var avtalen med Bykle Hotell, som saman med fleire bedriftskundar og etter kvart òg privatkundar, sikrar eit reelt og profesjonelt arbeidsmiljø.
- **Bygdekafeen i Bykle:** Kvar torsdag er det samling i lokalane til Vaksenopplæringa. Dette har òg blitt ein fin språktreningsarena der lokalbefolkninga blir betre kjend med ukrainarane som gjeng på Introduksjonsprogrammet.
- **Sommar på Hegni:** Brynje bidrog til realiseringa av kultur og fritid si satsing på Hegni, blant anna gjennom midlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet til å skape aktivitetar for born og unge.
- **Prosjekt med rideklubben og stallen på Hovden:** Desse har vore sentrale lågterskeltilbod for sosial inkludering. Samarbeidet med rideklubben og «Open stall» har gjeve meistring og kontakt på tvers av aldersgrupper. Det er no open kafé ein dag i veka som eit lågterskeltilbod. Gjennom eit innovativt samarbeid med NAV, kopla me i tillegg på arbeidstreningstiltak som har vore spesielt vellukka.
- **SYR-prosjektet:** I samarbeid med Setesdal Miljø- og Gjenvinning (SMG) har Brynje vore ein drivkraft i utviklinga av denne gjenbrukssatsinga.
- **Individuell oppfølging:** Om lag 15 personar har fått individuell oppfølging.

Brynjeprosjektet lukkast i 2025 med å løyse ut over 1,2 millionar kroner i eksterne midlar i hard nasjonal konkurranse, noko som understrekar prosjektet sin verdi og relevans.

Samarbeid og synleggjing:

- **Informasjonsarbeid:** Gjennom ein omfattande kampanje med Setpro er det sendt ut informasjonsbrosjyrar til alle husstandar i Bykle og Valle for å bryte ned stigma og synleggjere moglegheitene i arbeidsinkludering. Samstundes blei politikarane, administrasjonen og 1. linetenestene særskild informert.
- **Nasjonal merksemd:** Prosjektet vart presentert på Folkehelsekonferansen 2025 som eit døme på korleis ein kan arbeide heilskapleg med inkludering og medborgarskap.
- **Nye informasjonstiltak:** Det vart sendt ut velkomstbrev til nyinnflyttarar i forbindelse med Frivilligkvelden/Bygdemiddagen i grendehuset på Hovden.

Strategi for 2026

I sitt siste prosjektår skal Brynje fokusere på å arbeide langsiktig og planmessig med å integrere dei mest sentrale oppgåvene og metodikkane i dei faste kommunale strukturane, slik at kompetansen og dei etablerte arenaene vert vidareførte etter prosjektslutt der det er naudsynt og berekraftig. Prosjektet skal òg arbeide meir nærings- og utviklingsretta.

Pedagogisk-psykologisk teneste, PPT

PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Bykle, valle og Bygland, med valle som vertskommune. Arbeidet omfattar sakkyndige vurderingar, rettleiing til barnehagar og skular, systemretta arbeid og samarbeid med andre tenester. PPT opplever auke i både saksmengde og kompleksitet. PPT ligg innforbi budsjett. Det er høg arbeids-belastning som følgje av fleire og meir komplekse saker i samarbeidet. Dette reduserer kapasiteten til systemretta førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

1020 HR og organisasjon

HR- og organisasjonsavdelinga er ei sentral støtte- og styringseining for heile kommunen. Avdelinga har sju årsverk og leverer tenester på tvers av sektorane – frå strategisk arbeidsgivarpolitikk og politisk sekretariat til lønnsadministrasjon, dokumenthandtering og innbyggjarservice.

Avdelinga skal sikre samanhengande støtteprosessar, slik at einingane kan levere gode tenester til innbyggjarane og kommunen kan drivast effektivt, transparent og lovlydig.

Tenesta omfattar:

- HR og arbeidsgivarpolitikk: rekruttering, personalforvaltning, kompetanseutvikling, strategisk HR, arbeidsmiljø og trivsel, HMS-system og vernerundar, sjukefråværsoppfølging, partssamarbeid, bedriftshelseteneste, rådgiving og opplæring i lov- og avtaleverk.
- Lønn: lønnsutbetaling og berekning, kontroll og rapportering (a-melding), forvaltning av tillegg og godtgjeringar, fraværsregistrering, dokumentasjon og arkivering, rådgiving og drift av lønssystem.
- Politisk sekretariat: støtte til kommunestyret, formannskapet og politiske utval, innkalling, sakslister, protokollføring, kvalitetssikring av saksframlegg, publisering og oppfølging av vedtak.
- Post og arkiv: mottak og utsending av post, journalføring, arkivplan og arkivnøklar, trygg lagring, bevaring og kassasjon, brukarstøtte i sak-/arkivsystem og rettleiing i innsyn og offentlegheit.
- Sentralbord og publikumsmottak: førstelinje for kommunen, mottak av publikum, rettleiing, svar på generelle spørsmål og vidareformidling.
- Andre oppgåver: drift av nettsider og sosiale kanalar, saksbehandling av utdanningsstipend, husbanklån/startlån, alkoholløype, kommunale avgifter og eigedomserklæringar.

1030 Økonomi

Økonomiavdelinga har 3 tilsette, og yter i størst grad tenester internt i organisasjonen.

Avdelinga dekkjer følgjande hovedarbeidsoppgåver:

Budsjett, utarbeide årsbudsjett og økonomiplan for kommune

Rekneskap, bokføring og utarbeiding av kommunen samla rekneskap

Økonomi, leverandør- og kunderskontro inkludert fakturering og innfordring

Eigedomsskattekontor

Kontroll, oppfølging og opplæring av brukarar på tenesteeinigane

1040 Plan

Tenester i høve overordna regel- og planverk

Planutvalet er politisk hovudutval som handsamar prinsipielle saker innan fagområda/lovene:

- Arealforvaltning
- Vassdrags- og utmarkssaker
- Plan- og byggjesaker.
- Kart og oppmåling.
- Landbrukssaker (t.d. jordlov, skoglov, konsesjonslov, beitelov, og odelslov).
- Vilt og innlandsfiskesaker (t.d. viltlov, laks og innlandsfiskelov, forpaktingslov osv.)
- Miljø og naturvern. (t.d. forureiningslova, naturmangfaldslov, friluftsløva osv.)
- Egedomsforvaltning og matrikulering
- Motorferdsel i utmark.
- Veglova
- Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde Planavdelinga er i god gang med slutføring av ny arealdel. I ljøs av ny samfunnsdel av kommuneplanen, ny strategisk næringsplan og tiltaksplan for villrein ser ein trong for å fokusere omstilling og samfunnsutvikling i ljøs av eit nytt utfordringsbilete for kommunar som Bykle med rike naturressursar og sterke avgrensingar for lokal arealforvaltning, samstundes som det kan vere nye moglegheiter knytt til det grøne skiftet og det å vere ein kraftkommune og interessa for nye næringar og kraftkrevjande etableringar. I 2026 vil dette venteleg få sterkt fokus samstundes som ein må avklåre korleis ein som turist og hyttekommune opprettheld attraktivitet og tek grep med tanke på besøksforvaltning og strategiar rundt tilrettelegging og kanalisering av ferdsle utanom sårbare tider og område i lag med rørte grunneigarar, viktige brukargrupper - og reiselivsnæringa.

Planutvalet hadde i 2023 i 2024 i 2025

- | | | | |
|---------------------|-----|-----|-----|
| • Delegerte saker; | 480 | 327 | 321 |
| • Politiske saker; | 163 | 160 | 156 |
| • Referatsaker; | 59 | 50 | 39 |
| • Orienteringssaker | | | 31 |

Kva er gjort

I 2025 handsama vi:

- 72 søknadar om byggjetiltak (4 rammesøknadar og 55 eitt-trinnssøknadar, 16 utan ansvarsrett) , og 40 dispensasjonar. Det var 5 klagesaker, der 3 vart oversendt Statsforvaltar.
- Det vart gjennomført 21 tilsyn innafor byggsaksfeltet (plassering, kvalifikasjonar og anna), av desse 2 moglege ulovlegheiter. Det vart gitt 3 pålegg, 2 for retting og 1 stans i arbeid og 3 advarslar.
- Vi la ut 5 reguleringsplanar på høyring, 4 vart vedteke. Det var motsegn til 4 av planane på høyring, 2 frå Statsforvaltar og 1 frå NVE. Det kom klager til 4 planar, 2 vart vidaresendt til Statsforvaltaren opprettheld kommunen sine vedtak i alle som vart oversendt.
- Oppmåling; 27 saker om frådeling/ oppretting av eigedom, 16 arealoverføring, 6 grensesaker og 2 seksjoneringssaker.

- Landbruk; 4 konsesjonssaker, 1 delingssak og 1 omdisponeringssak etter jordlova.
- Motorferdsel, 113 gyldige løyve, 3 ervervsløyve (37 søknadar handsama i 2025) - Ein reduksjon frå 128 løyve året før.

I 2025 vart Planstrategi for valperioden vedteke. Arbeid med ny arealdel av kommuneplan vart sett i gong med vedtak av planprogram og opp-start av prosess med brei medverknad/ forankring i grendelaga, politisk temadag/verkstad med kommunestyret osv.. Studentar vart engasjert til feltarbeid for vurdering av ulike areal til ulike byggjeføremål. Arbeid med ny sti- og løypeplan vart sett i gong med prosjektorganisering av ulike interessentar lokalt og regionalt, og ei brei involvering for å få innspel.

Forslag til tiltaksplan for villrein var den største enkeltsaka i eininga. Denne , og saka om øvingsfelt for Forsvaret, initiativ til pumpekraftverk mellom Botsvatn og Store Urar/ Vatnedalsvatn var og viktige saker som kom opp. Sak om omkøyringsveg Hovden sentrum, oppfølging av saker knytt til Hovden fjellbad, sentrumstiltak Hovden sentrum, reguleringsprosess for Hegni, skikulvert under rv 9 i midt-regionen og sykkelrute 3 var og krevjande saker.

Kraftsenter Bykle, mogleighetsstudie for kyrkjebygda i Bykle, forprosjekt for sentrumsbygg i Bykle sentrum, opning av gang-sykkelveg Øyreviksbakkane, opning Hovden fjellband og opning av Bykle tunet var konkrete høgdepunkt som avdelinga har medverka til.

Avdelinga stod og for utforming av materiell og stand under Arendalsveka.

Det er eigne grunneigaravtaler (løypeavtaler) for preparering av skiløyper og festeavtale for lysløype t.d. i Otrosåsen. Kommunen finansierer løypepreparering gjennom Hovden løypekjøring. Frivillig løypebidrag (hyttefolk og innbyggjarar) er også del av driftsramma.

1050 Næring

Kommunen har hatt ei romsam næringsramme som både blir nytta til investerings- og etablerarstøtte, til arrangementsstøtte og støtte til ulike selskap som har ei utviklarrolle i og for kommunen.

Det er generelt høgt aktivitetsnivå og høge forventningar om økonomiske bidrag frå kommunen for å understøtte aktivitet som direkte eller indirekte gir positive synergjar for næringslivet og lokalsamfunna i kommunen.

ENØK-støtteordningane har vore hovudgjeremålet i avdelinga også i 2025. Dei har kravd mykje ressursar i sakshandsaming av nye søknadar, og kontroll av dokumentasjon før utbetaling av støtte.

Arbeid med strategisk næringsplan og gjennomgang og utarbeiding av nye lokale retningslinjer og regelverk for støtteordningar var viktige saker i 2025.

Næringsavdelinga følgjer opp politisk leiding i høve tilrettelegging for bedriftsbesøk og har dialog med privat næringsliv i konkrete saker. Ein har òg deltatt på arrangement i regi av næringslivet når det har vore mogleg.

Brynjeprosjektet som var sett i gong i 2024 har medverka som lågterskelteneste inn mot næringsavdelinga sine andre ordningar og arbeid.

Det har vore gjennomført fleire bedriftsbesøk i lag med politisk leiing;

Ein har og hatt drøftingar med næringsforeiningane, og delteke i årsmøtet til Bykle næringslag, kaffimøte på Hovden jamleg og bistått ulike verksemder i søknadsprosessar og prosjektutvikling.

Næringsavdelinga har bistått NM-Ski – i arbeidet med mediadekking – TV-produksjon.

Vi har og søkt å formidle ordningar frå Skattefunn / Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og tilbodet i Pågang Næringshage.

Vi har delteke i nettverksmøte i Setesdal interkommunale politiske råd, og ulike regionale møteplassar i regi av Agder fylkeskommune som Hydrogen-nettverket mv.

Dialog med BHV – og Destinasjon Hovden om tenesteavtale og endring av turist-informasjon og vertskapsfunksjoner. Det har og vore mykje samarbeid med BNU / BHV rundt Hovden fjellbad, sentrumsbygg Bykle, større næringssak i Bykle mv.

Avdelinga har og vore pådrivar i lag med ordførar for å attrahere datasenter og/eller kraftkrevjande etableringar gjennom året.

Ymse vedtak frå 2025:

- Nye retningslinjer for disponering og bruk av næringsfond og næringsramme
- Strategisk næringsplan for 2025 – 2035
- Løyving til grunnerverv framtidig hybelbygg Hovden skigymnas
- Ny veterinærvakt-ordning
- Statuttar Innovasjons- og berekraftspris.
- Utvida Svipp -tilbod – avslutting avtale med AKT

Ymse løyvingar.

- Støtte til destinasjonsmarknadsføring – Marknadsrådet for reiselivet i kommunen. Kr 1 mill.
- Etableringsstøtte Sharpe Studios 50.000
- Investeringsstøtte - Fjellgarden Haugen og Fjellgarden Hovden – rundballepresse 300.000
- Fjellgardshallen -støtte til opparbeiding av utomhus ridebane; kr. 300.000
- O.T. Ryningen 76.199 til restaurering av høybu.
- Hjelpesending Ukraina kr. 30.000
- Arkivet fredssenter 10.000
- Hovden næringsforeining og Bykle næringslag kr. 200.000 til aktivitetar og arrangement.
- Kristiansand Cyklekubb – Color line Tour kr 25.000
- G.C. Trydal skredfarevurdering Trydal 56.000
- ENØK utbetalingar
- Etableringsstøtte til Elevate 1.051.250 kr. (25 % marknadsføring og opplæring personell)
- Sti- og løypeplan 200.000
- Villreinutgreiing til ny kommuneplan – arealdel og sti- og løypeplan 500.000
- Landskappleiken – planlegging 250.000

Næringsavdelinga vil innrette aktiviteten i 2026 med sterk fokus på grepa ein har vedteke i ny strategisk næringsplan. Det inneber at ein vil prioritere næringsutvikling meir mot verksemder med potensiale for vekst og verdiskaping / sysselsetting, og tilrettelegging for nye næringar innan t.d. kraftkrevjande næringar. Ein vil og i større grad gjennomføre arrangement for å sikre at lokalt næringsliv nyttgjere seg regionale og nasjonale ordningar og finansiering til utviklingsarbeid og lønsemdsutvikling.

Administrasjonen har arbeidd i lag med Bykle Hovden Vekst og Destinasjon Hovden for å sjå på ei omlegging og reduksjon av ramma for turistinformasjon og vertsskapsrolla i 2025. Marknadsrådet og næringsforeiningane fremjar årlege søknadar om støtte til arrangement og marknadsføring. Administrasjonen ser at disponeringa av ressursar direkte og indirekte avgrensar innsats mellom andre næringar og annan form for næringsutvikling, innafor samla årleg næringsramme.

Kommunen har regulerte næringsområde i Bykle , i midt-regionen og på Hovden (Hartevatn). Reguleringsplan for Tykkås vart vedteke i 2025.

1060 Folkehelse- og flyktningekoordinator

Flyktningtenesta har tre tilsette som til saman utgjør 2,4 årsverk. Tenesta har ansvar for ei rekke lovpålagde oppgåver knytt til busetting og oppfølging av flyktningar. Det er tett samarbeid med andre kommunale einingar, frivillige organisasjonar, statlege instansar og flyktningtenestar i andre kommunar for å sikre gode tenester for flyktningane.

Forhold til overordna planverk

1010 Kommunedirektør

Som kommune har ein eit mangfald av overordna nasjonale, regionale og kommunale planar ein må forhalde seg til innanfor dei enkelte områda. Arbeidet med Bykle kommune sin kommuneplan har blitt forankra politisk, og er vedteke for strategisk del. Arealdelen er påbegynt og under arbeid.

1020 HR og organisasjon

HR- og organisasjonsavdelinga sitt arbeid er forankra i både nasjonale og lokale styringsdokument og planverk. Dette skal sikre at tenesta blir levert i samsvar med gjeldande lovkrav, kommunale mål og strategiar, og at prosessar og rutinar støttar ein effektiv, transparent og lovlydig drift.

Sentrale styringsdokument og regelverk:

- Arbeidsmiljølova – krav til HMS, arbeidsmiljø og medverknad.
- Forvaltningslova og offentleglova – krav til saksbehandling, innsyn og openheit.
- Arkivlova – krav til dokumenthandtering og bevaring.
- Personopplysningslova (GDPR) – krav til behandling av persondata.
- Kommuneleova – rammer for politisk styring og administrasjon.
- Anskaffelsesregelverket – krav til innkjøp og konkurranse.

Lokale styringsdokument og planverk

- Kommunens arbeidsgivarstrategi og personalpolitiske plattform utgjør hovuddokumentet for HR-arbeidet. Desse gir retning for heile livssyklusen til ein tilsett – frå rekruttering og integrering til utvikling, oppfølging og avslutning – gjennom reglement, retningslinjer og praktiske verktøy som sikrar godt arbeidsmiljø, medverknad og etterleving av lov- og avtaleverk.

I tillegg er arbeidet forankra i følgjande dokument:

- Verksemdsplan for HR og organisasjon – mål og prioriteringar for drift og utvikling av tenesta.
- Samfunnsdelen og økonomiplan – HR-arbeidet skal bidra til berekraftig organisasjon og attraktive arbeidsplassar.
- Handlingsprogram og budsjett 2025–2028 – prioriteringar for ressursbruk og utvikling.
- Lønnspolitisk plan – vedteken i 2025, som gjenspeglar arbeidsgivarstrategien og gir rammer for lokal lønnspolitikk.
- HMS-handbok – styringsdokument for helse, miljø og sikkerheit, med rutinar for internkontroll, risikovurderingar, vernerundar, avvikshandtering og beredskap. Handboka skal sikre systematisk HMS-arbeid og etterleving av arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta.

Avdelinga har gjennom året arbeidd med å utvikle og forbetre rutinar, prosessar og tenester i samsvar med gjeldande styringsdokument og lovverk. Det er gjort framsteg, mellom anna ved vedtak av lønnspolitisk plan og oppdatering av rutinar, men det står framleis att ein del arbeid før alle rutinar er fullt implementerte og standardiserte.

1030 Økonomi

Kommuneplanen er førende, og legger grunnlaget for satsingsområde og tiltak i arbeidet med økonomiplanen og årsbudsjett.

1040 Plan

Nasjonale forventingar og føringa for kommunal planlegging, revisjon av Heiplanen og pårekneleg vedtak av tiltaksplan for villrein vil ha stor tyding for samfunnsutvikling - og samfunnsplanlegginga i Bykle framover.

Ny samfunnsdel og slutføring av arealdel til kommuneplanen vil vere førande for operasjonalisering av utpeikte satsingsområde i praksis, - med fokus på breiare næringsliv, stadutvikling Bykle, sentrums- og destinasjonsutvikling Hovden og å vidareutvikle organisasjonen.

Regionplan Agder og samarbeidsavtalen med Agder fylkeskommune vil vere viktig for å skape samhandling om regionalt viktige tiltak i kommunen, - som hybelbygg til den vidaregåande skulen i året som kjem.

Kopling med forskings- og utdanningsinstitusjonar er viktig for å få fokus på lokale tematikk innafor planlegging og å byggje og utvikle intern kompetanse og sikre fagleg utvikling for medarbeidarane.

Løyper blir utvikla i tråd med sti- og løypeplan (til kommuneplanen sin arealdel) , og i medhald av løypeavtaler, utbyggingsavtaler og rekkjefølgjekrav i reguleringsplanar.

1050 Næring

Kommuneplanen og næringsplanen vil vere førande. I høve reiselivsnæringane vil og rigg og grensegang mellom regionalt reiselivsarbeid, Visit Setesdal, vertsskap og turistinformasjonen i Destinasjon Hovden og kommunen sin ressursbruk i høve destinasjonsmarknadsføring (Marknadsråd) ha tyding for næringsavdelinga si rolle / arbeid med reiselivet framover. I høve kraftkrevjande etableringar er Å energi sine planar om pumpekraftverk førande for kva ein eventuelt kan få til i nedre del av kommunen på kort og lengre sikt. Næringsavdelinga vil ha ei sentral rolle i å utvikle mogleheitsromet som kan bli utløyst i samspel mellom ulike aktørar og bygdelag i året som kjem. Nasjonale satsingar innfor t.d. datasenteretableringar, det grønne skiftet og innovasjonsorientering kan gi ny vekst lokalt.

Turistinformasjon og vertskapsrolla blir utført i medhald av eigen avtale mellom kommunen og Destinasjon Hovden.

I samband med ny arealdel ser ein på trongen for nye næringsareal.

1060 Folkehelse- og flyktningekoordinator

Flyktningtenesta jobbar ut frå «Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid» (integreringslova) og «Tildeling av sosiale stønader - Ved busetting og etablering av flyktningar i Bykle kommune». I 2025 har Flyktningtenesta hatt tilsyn frå statsforvaltaren og gjennomgang av kommunal revisjon.

Kommunal revisjon såg på introduksjonsprogrammet flyktningane får tilbod om, om Flyktningtenesta etterlever lovpålagte krav, og at internkontrollen vi har etablert er med å sikre at flyktningane får tilbod som er i samsvar med gjeldande lover og reglar. Rapporten viser at flyktningane som er busett i Bykle kommune har fått tilbod og oppfølging som er i tråd med gjeldande lover og regelverk.

Tilsynet frå statsforvaltaren resulterte i pålegg om å endre praksis. Flyktningtenesta har hatt praksis med å gje deltakarane individuelle slutt mål. Etter tilsynet er praksisen endra. Flyktningtenesta spesifiserer nå også bransje i slutt målet når vi utarbeidar flyktninganes individuelle planar etter pålegg frå statsforvaltar.

Utfordringar og strategi

1010 Kommunedirektør

Fokus i 2025 har i hovudsak vore arbeid med å forbetre internkontrollen i kommunen. Dette er noko vi må arbeide med kontinuerleg.

Prosessen med gjennomgang av organisasjonsstrukturen vert avslutta, og endring iverksett, slik at ein ved utgangen av 2025 no har 3 kommunalsjefområder. Det er tilsett leiarar for områda.

Dei tre områda er oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunn og utvikling i tillegg til kommunedirektøren stab.

Ein ser for seg betre samordning av oppgåver og ressursar innanfor dei enkelte område, i tillegg til at kommunedirektøren stab vert meir spissa mot interne fellestenester ved at den tidlegare planavdeling og næringsavdeling er lagt inn under kommunalsjefområde samfunn og utvikling, og flyktningearbeidet er lagt inn under helse og omsorg.

1020 HR og organisasjon

Utfordringar

I 2025 har avdelinga framleis vore prega av høgt sjukefråvær, særleg i 1. tertial. Dette har gitt konsekvensar for ressursar og framdrift. Utfordringane har vore:

- Sårbar kompetanse
Når berre ein til to tilsette har spesifikk kompetanse på enkelte oppgåver, blir avdelinga svært sårbar ved fråvær. Dette har gjort det nødvendig å prioritere oppgåver strengt og ofte på kort varsel.
- Leiarressursar
Leiar har måtta prioritere saksbehandling og mange ad hoc-oppgåver, i tillegg til at stillinga har vore redusert i ein periode grunna sjukdom. Dette har ytterlegare redusert moglegheita til strategisk leiing og oppfølging av tilsette.
- Prioritering av oppgåver
For å sikre drifta har vi måtta prioritere oppgåver innan lønn og politisk sekretariat. Dette har medført at HR-arbeidet, inkludert utviklingsoppgåver, har blitt nedprioritert. Vi har også måtta omprioritere saker og flytte oppgåver mellom tilsette for å handtere ressursutfordringar.
- Opplæring og rutinar
Avdelinga har brukt mykje tid på opplæring i nye HR- og lønssystem og på å utvikle rutinar. Dette har vore nødvendig for å sikre kvalitet og oppdatert kompetanse, men har kravd betydelige ressursar.

Strategi

For å møte desse utfordringane har vi lagt vekt på:

- Omprioritering og kompetansedeling
Vi har ikkje hatt moglegheit til å tilsette vikarar eller tilføre ny kompetanse i 2025. I staden har vi omprioritert oppgåver og styrka kompetansen internt slik at fleire tilsette kan ta over andre oppgåver ved fråvær. Dette har redusert sårbarheita og gitt større fleksibilitet.
- Kompetanseheving
Gjennom e-læring og kurs har vi styrka kompetansen slik at fleire tilsette kan handtere ulike oppgåver effektivt.
- Digitalisering
Vidareutvikling av digitale verktøy har vore avgjerande for å forbetre arbeidsflyt og kommunikasjon, og for å handtere mange oppgåver med få ressursar.

Status og aktivitetar i 2025

Politisk sekretariat:

Har levert møteinnkallingar, protokollar og kvalitetssikring av saksframlegg i tråd med kommunelova.

Post- og arkivtenesta:

Har sikra journalføring og oppfølging av arkivplan i samsvar med arkivlova.

Sentralbord og publikumsmottak:

Har handtert innbyggjarservice og vore ein viktig kanal for tilbakemeldingar.

Lønn:

Har prioritert lønnsutbetalinger og sikra korrekt handtering av lønnskøytingar, refusjonar og rapportering.

HR:

HR-arbeidet har i stor grad blitt nedprioritert til fordel for kritiske driftsoppgåver. Likevel har vi fått gjennomført viktige oppgåver, mellom anna:

- Lønnspolitisk plan: Arbeidet med lønnspolitisk plan er fullført, og planen vart vedteken i slutten av 2025.
- Oppfølging av verneombod og tillitsvalde: Vi har gjennomført oppfølging, men med noko reduserte møteaktivitetar i periodar grunna ressursutfordringar.
- Rutinar og prosedyrar: Avdelinga har jobba med å utvikle rutinar og prosedyrar i Compilo og har påbegynt eit arbeid som må vidareutviklast i 2026.
- Opplæring: Vi har gjennomført opplæring i nye HR- og lønssystem for å sikre kvalitet og oppdatert kompetanse.

1030 Økonomi

Arbeidet med nytt økonomisystem i 2024 ble vidareført i 2025, med opplæring og bruk. I tillegg ble økonomisystemet knyttet opp mot nytt budsjett- og rapporteringssystem, Framsikt.

Innføring av nye system er arbeidskrevende, og har tatt flere ressursar enn først planlagt.

I tillegg har fokus i 2025 har vært å levere dei lovpålagde rapportane innanfor avtalt tid.

Arbeidet med å utarbeide nye og oppdaterte rutinebeskrivelser er igangsatt, men ikkje ferdigstilt.

1040 Plan

Planavdelinga har mykje særlovsforvaltning. Desse har gjerne fristar på sakshandsaming og har prioritet. Også i 2025 har det vore høgt fråvær i avdelinga, som medførte behov for kjøpe tenester eksternt for å halde naudsynt kapasitet/kompetanse til oppgåveutføringa. Tenestekjøp er basert på lokal rammeavtale /offentleg anskaffingar. Tenestekjøpet er effektivt i høve kvalitet og kapasitet til oppgåveutføring – men kostnadsdrivande samanlikna med faste stillingar. Ein freistar å ivareta kvalitet i tenestene og freistar for sakshandsaming gjennom faste tilsette og tenestekjøp.

Samfunnsavdelinga vil og legge innsats i å koordinere ulike tenesteområde sitt arbeid med oppfylging av vedteken planstrategi og dei planane ein har vedteke å arbeide med i 2026. Internt vil det og bli arbeidd med oppgåver og ansvar innafor ny organisasjonsmodell slik at ein både har kvalitet i tenester og arbeider effektivt og meir tverrfaglege der det er tenleg på satsingar og prosjekt.

Generalistkommunar og småkommunar som Bykle må spele på dei lokale fortinna, og det som ligg i vere liten, omstillingsdyktig og handlekraftig for å sikre utvikling både på kort og lengre sikt.

Kommunen legg tre inngangar til grunn i arbeidet med ei berekraftig samfunnsutvikling; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, jf. kommuneplanen.

I møtet med storsamfunnet er det for oss særleg viktig å legge naturforvaltings-, samfunnsutviklings- og besøksforvaltingsperspektiv inn i drøftingane.

Ein ser konturane av at det vil bli stadig meir krevjande å omstille kommunen og lokalt næringsliv raskt nok innafor rammene av statlege styringssignal og føringa, og nye nasjonale restriksjonar (t.d. ansvarsartar som villrein) og ny nasjonal energipolitikk (t.d. pumpekraft).

Kommunen si største utfordring framover er venteleg å oppretthalde lokalt handlingsrom og sikre balanse mellom levande lokalsamfunn og samfunnsutvikling, og ha ein sjølvstendig langsiktig arealpolitikk og vere i takt med regionale og statlege styresmakter.

I areal- og samfunnsutvilting er ein særleg oppteken av å drive planarbeid som sikrar handlingsrom og posisjonar i det grøne skiftet, og slik sikre levande og pulserande lokalsamfunn og distrikt framover.

Ein står i store utfordringar med å få til ein omforeint ny sti- og løypeplan og sikre villreinvennleg ferdsle framover.

Kommunen har eit omfattande og veldrive løypenett med låglands- og høgfjellsløyper, og forventingar om vidareutvikling og samanbinding av dette. På den andre sida er nye nasjonale og regionale føringar strekt avgrensande og forventingane til kommunen er reduserte tilbod av omsyn til villrein i sårbare område og tider. Reiselivet og innbyggjarane er opptekne av å oppretthalde eit variert løypenett og at det er attraktive løyper og rom for turrenn og arrangement i og kring Hovden. I planstrategien har ein vedteke at det skal arbeidast med ein besøksstrategi med oppstart i 2026. Målet må vere å få til ei samordna besøksforvaltning der alle aktørane lokalt og regionalt blir samde i høve t.d. dynamisk løypeforvaltning og spelereglar for nedstenging / opning - tilrettelegging og kanalisering mellom alternative traser og løyper gjennom året. Utfordringane framover i høve investering i infrastruktur (skibruer/ kuvertar) og løypetiltal er høge og utbyggingstakt og utbyggjarbidraga lågare enn då ein etablerte det nye "regimet". I 2026 bør ein gå igjennom prioriteringslista i høve realisme og revidere framdrift / tal prosjekt i høve bidraga som kjem gjennom utbyggingsavtalene både rundt Hovden og i midt-regionen.

1050 Næring

Til trass for nasjonale trendar som dreg folk og arbeid ut av distrikta, så står det bra til med arbeidslivet i Bykle. Det er høg sysselsetting og deltaking i arbeidslivet, men lønsnivået er noko lågare enn snittet i landet. Bykle har ein større del tilsette i privat sektor enn snittet på Agder. Det arbeider flest innanfor bygg og anlegg, overnatting, servering, varehandel og produksjonsverksemdar. Store delar av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehald av fritidsbustader, og tenester og handel innanfor reiseliv, treindustri og vasskraft. Servicenæringane har tradisjonelt hatt varierende lønsemd og har vore sårbare for konjunktursvingingar. Dei verksemdene som primært er retta mot den lokale marknaden har generelt eit avgrensa vekstpotensial.

I den nye strategiske næringsplanen og i det nye støtteregeverket har ein lagt opp til ei kraftig omlegging mot å fokusere saker med potensial til vekst og verdiskaping og sysselsetting, nye næringar og å understøtte utvikling av eit breiare næringsliv. Ein vil og leggje til rette for meir aktiv bruk av regionalt virkemiddelapparat og ordningar og koplingsaktivitet og samskaping med eksterne aktørar for å få nye etableringar i Bykle.

Disponering av næringsramma vil krevje at ein held fokus på vedteken strategi - samtidig som ein har opning for å vere fleksibel og handlekraftig for initiativ som kjem lokalt eller utanfrå. Venteleg vil næringsavdelinga få ei meir koordinerande rolle for å få til samskaping og posisjonering av Bykle for nye etableringar framover. Med slutføring av Enøk-støtteordningane vil det bli frigjort kapasitet til å arbeide meir aktivt og utadretta i 2026.

Reiselivsnæringane er særskilte viktige og berebjele i høve både sysselsetting og busetting. Ringverknadane og synergiane med bygg- og anlegg og handverk, sal av vare og tenester er openbare. Samstundes treng kommunen eit breiare arbeidsliv og gjerne vekst i nye næringar for å sikre eit meir robust arbeidsliv. Ny næringsplan har nedfelt ei dreining av ressursbruken som kan bli krevjande i høve forventingar i reiseliv, samtidig som ein kan setje meir fokus på større og nye satsingar.

Det er store forventingar til at kommunen skal syte for næringsareal til private aktørar utanom Hovden sentrum.

Kommunen har tradisjon for å leggje til rette - men det er ikkje samsvar mellom ønske om lokalisering (sentrumsnære areal for handverks og mindre byggje- og anleggsverksemdar i Hovden) og tilgjengeleg / tilrådd arealpolitikk frå administrasjonen.

Kommuneplanen må drøfte forslag til framtidige næringsareal og lokalisering av ulike typar næring til eigna område.

Ein må og arbeide med å finne område for meir kraftkrevjande etableringar og nye næringar, jf. samfunnsdelen og ny næringsplan.

1060 Folkehelse- og flyktningekoordinator

10600 Flyktninghjelp

Første halvår i 2025 kom det færre flyktningar frå Ukraina enn det IMDi hadde estimert. Då blei Bykle kommune si anmodning redusert frå 15 til 11 flyktningar. Etter ukrainske myndighetar opna for at dei under 25 år kunne reise ut av landet, auka flyktningstraumen til Noreg hausten 2025. Varierende behov for busetting gjer det utfordrande for Flyktningtenesta å planlegge.

Sårbarheita i tenesta er stor, og sjukdom og permisjonar fører til auka arbeidsbelastning på dei attverande tilsette. For å redusere sårbarheita har vi utvikla detaljerte rutinar for dei viktigaste oppgåvene. Eit anna grep Flyktningtenesta har tatt for å redusere sårbarheita er å ha eit tett samarbeid med Flyktningtenesta i Valle kommune.

Nøkkeltal for 2025:

Oppmoding frå IMDi for 2025: 15 flyktningar

Vedtak i kommunestyret: 15 flyktningar

Reduksjon i oppmoding frå IMDi: -4 flyktningar

Busette flyktningar i 2025: 10 flyktningar

Nøkkeltal for Flyktningtenesta (2022-2025):

Busette flyktningar: 75

Flyktningar som har flytta til anna kommune, Ukraina eller eit 3. land: 17

Flyktningar som bur i Bykle kommune (busett 2022-2025): 58

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	91 141	67 604	47 974	19 630	29,0 %

Kommentar til status økonomi

Samla sett er forbruk under budsjett. Innforbi denne ramma ligg og ekstraløyvingar som kan delast ut til einingane ved behov, t.d. lønsramme. Når einingane ikkje har meirforbruk vert denne ramma ikkje nytta. Tilskott til flyktningar ligg og i denne ramma. Unytta midlar vert foreslått overført til fond.

Avvik frå rapport bevilgningsoversikt drift per budsjettområde skuldast at avsetning til og bruk av bundne fond samt statlege overføringar ligg inne i desse tala då dei hentar grunnlag frå økonomisk oversikt.



Helse og omsorg

Generelt

20 Helse og omsorg

Einingane er organisert i to fagområde med følgjande ansvar:

1. Pleie og omsorgstenesta
2. Helsetenesta

Einingane skal sikre effektiv og god tenesteproduksjon, og nytte ressursane på ein berekraftig måte til det beste for innbyggjarane i kommunen.

Det skal òg vere fokus på førebygging for å halde sjukefråværet lågt og auke trivselen blant dei tilsette. Vidare skal ein ha merksemd på effektivisering og bruk av velferdsteknologi, for å bidra til ei heilskapleg samfunnsutvikling i Bykle kommune.

Pleie og omsorgstenesta.

Pleie og omsorgstenesta har 55 fast tilsette pr 31.12.2025. Tenesta omfattar følgjande einingar:

Sjukeheim inkl Kjøkken og Reinhold , Heimesjukepleie, Heimehjelp/Praktisk Bistand og Habilitering.

Det ble det tilsett ny avdelingsleiar for sjukeheimen og heimebaserte tenester 1 oktober.

Sjukeheimen har 15 plassar, fordelt på langtidsplassar, demensplassar, korttids/avlasting og øyeblikkeleg hjelp døgn. I tillegg er det 7 omsorgsbustader tilknytt Heimen som får tenester av heimesjukepleien. Kjøkkenet står for alle måltid, inkludert middagar til heimebuande. Heimen har òg vedtaksfritt dagsenter for alle éin dag i veka, i tillegg til ein dag med dagsenter for personar med demens. Vidare er det vaffelfredag, samt tilbod om frisør og fotpleie for alle innbyggjarar.

Heimebaserte tenester gis til heimebuande, personar i omsorgsbustader og besøkande på hytter. Dette kan vere nødvendig helsehjelp, matutkjøring, og praktisk bistand som reingjering. Andre tenester er tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Det er og vedtak på vaktmeistertenester som er mogleg å søke om, og som blir nytta særleg til snømåking.

Habilitering har to bustader med døgnkontinuerleg bemanning, en i Bykle og en på Hovden. I tillegg gis det heimebaserte tenester til målgruppa.

Andre tenester som gis er støttekontakt, omsorgslønn, avlasting og koordinator.

Tenesta har, gjennom turnusordninga, god kompetanse og fagleg dekning, møtt dei utfordringane som gjeld heile pleie- og omsorgstenesta på ein god måte. Samstundes er det ønskjeleg å styrkje samhandlinga mellom avdelingane for å redusere sårbarheit og sikre tilstrekkeleg kapasitet i dagleg drift.

Eininga formidlar at ein opprettheld og yter tenester i tråd med nasjonale føringar og gjeldande lovverk. Det blir peikt på tilsette med høg fagleg kompetanse, god arbeidsmoral og sterk omsorgsevne.

Helsetenesta

Helsetenesta har 27 fast tilsette pr 31.12.25. Bykle kommune er vertskommune for Valle kommune i helsetenesta. Helsetenesta omfattar eit breitt spekter av førebyggjande, behandlande og rehabiliterande tenester. Tenesta inkluderer fastlegeordning, legevakt, psykisk helse og familiestøtte, helsestasjon og skulehelsetenesta, jordmorteneste, fysio- og ergoterapi. Målet er å sikre innbyggjarane eit heilskapleg og forsvarleg helsetilbod med god kvalitet, tilpassa lokale behov.

Bykle og Valle har eit etablert samarbeid om helsetenester for å sikre god ressursutnytting og fagleg forsvarlege tenester i begge kommunane. Samarbeidet omfattar mellom anna legevakt, jordmortilbod, smittevern og faglege nettverk. Dette gir betre kontinuitet, styrka kompetanse og meir kostnadseffektiv drift. Samtidig er det utfordringar knytt til rekruttering, vaktbelastning og nasjonal mangel på helsepersonell. Samarbeidet er difor avgjerande for å oppretthalde beredskap og kvalitet i tenestene framover.

Tenesta har ansvar for å gi alle som bur eller oppheld seg i kommunane naudsynte og fagleg forsvarlege tenester, i tråd med blant annet helse- og omsorgstenestelova, folkehelselova, pasientrettslova, helsepersonellova, smittevernlova og lov om psykisk helsevern, nasjonale faglege retningslinjer og føringar frå Helsedirektoratet.

Lokalt er arbeidet knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel, helse- og omsorgsplanen, folkehelseplanen og beredskapsplanar. Målet er å sikre samanheng mellom strategiske mål og praktisk tenesteyting, med fokus på kvalitet, pasientsikkerheit og førebygging. Tenestene skal vere verknadsfulle, trygge, samordna, prega av kontinuitet, ressurseffektive, tilgjengelege, rettferdig fordelte, brukarmedvirknad og basert på kunnskap.

Forhold til overordna planverk

Tenesta har ansvar for å gi alle som bur eller oppheld seg i kommunane naudsynte og fagleg forsvarlege tenester. Det er mange nasjonale og lokale retningslinja som man må takast omsyn til. Det er blant anna i tråd med helse- og omsorgstenestelova, folkehelselova, pasientrettslova, helsepersonellova, nasjonale faglege retningslinjer og føringar frå Helsedirektoratet. Arbeidsmiljølova og interne kontrollforskriftar.

Lokalt er arbeidet knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel, helse- og omsorgsplanen, folkehelseplanen og beredskapsplanar. Budsjett og økonomiplan. Målet er å sikre samanheng mellom strategiske mål og praktisk tenesteyting, med fokus på kvalitet, pasientsikkerheit og førebygging. Tenestene skal vere verknadsfulle, trygge, samordna, prega av kontinuitet, ressurseffektive, tilgjengelege, rettferdig fordelte, brukarmedvirknad og basert på kunnskap.

Utfordringar og strategi

Pleie og omsorg:

Ved oppstart av nye leiarar i oktober 2025 var det allereie gjennomførte og påbegynte forbettringsprosessar. Prosessen er vidareført, og nye endringar er iverksatt.

- Legemiddelrutinar og -prosedyrar er vurderte og justerte etter beste evne. slik at dei møter gjeldande lovverk, ivaretek tryggleik og minskar risiko for avvik, så langt som mulig. Desse rutinar og prosedyrar gjeld for heile PLO.
- Det er utført fysiske forbetringar på medisinrommet på institusjonen, mellom anna ved å innføre digitale låsar, og kvalitetssikra kven av dei tilsette som har tilgang til medisinrommet.
- Rutinar for medisinadministrering og fasilitetar i habiliteringstiltaka er gjennomgått, og utbetringar er gjorde for å møte gjeldande krav på ein betre måte. Medisinromsfasilitetane hos heimesjukepleien møter krava per i dag, men bør utbetrast for å kunne handtere ein større pasientmengde. Dette arbeidet er påbegynt.
- Det er innført jamlege møte med sjukepleiarar, fagarbeidarar, heimesjukepleien og habilitering. På desse møta blir mellom anna endringar som er eller skal innførast, legemiddelrutinar og eventuelle avvik som er meldt, gjennomgått. Dei tilsette har stor kompetanse innan sitt fag, og får her stor moglegheit til å påverke eigen arbeidsplass.
- Beredskap er viktig, og fleire av beredskapsrutinane i Compilo er gjennomgått og reviderte. Det er òg innført beredskapspermar der aktuelle tiltaksark for ulike hendingar står, slik at informasjon er lett tilgjengeleg når hendingar oppstår. Døme på hendingar er straumstans, nedetid i journalsystem, telefonar og/eller nettverk, uframkomelegheit, brann og anna.
- Det er gjort tiltak for å betre arbeidsmiljøet i institusjon og heimesjukepleie ved at vaktrom er oppgradert med kjøleskap og tørrskap til mat for tilsette, og innført felles lunsj med leiinga på huset. I tillegg deltek leiinga på vaktskifte frå natt til dag og dag til kveld når dette er mogleg å få til.
- Det er innført ny prosedyre for ivaretaking av verdisaker til inneliggjande pasientar.
- Ny leiing har vore på besøk i alle avdelingar, det har vore personalmøte alle stader, og det er laga ein plan for vidare møteverksemd for 2026. Måla er å gi tilsette god påverknad i eigen verksemd og arbeidshverdag slik at tenestene blir best mogleg, og å knyte avdelingar og verksemdar nærare kvarandre slik at ressursar og kapasitet kan utnyttast best mogleg.
- Tørnprosjektet er avslutta, og no startar arbeidet med funn som er gjort og som skal bidra til at rett kompetanse blir brukt til rette oppgåver, og at tilsette er på jobb når det er mest behov.

Heimetenesta har låg kapasitet. Fleire ønskjer å bu i egne bustader, og vi må rekne med auka etterspurnad etter denne tenesta framover. I tillegg er rekruttering utfordrande i heile eininga, særleg når det gjeld vikarar i den daglege drifta og i samband med sommaravvikling. Denne utfordringa fører til ein del bruk av overtid i det daglege arbeidet. Tryggleiksalarmane er baserte på 2G-teknologi og må fornyast innan utgangen av 2026.

Helsetenesta

Legevakta skal vere tilgjengeleg heile døgnet for akutte og uventa helsetilstandar. Beredskapen er organisert slik at innbyggjarane får rask tilgang til kompetent helsepersonell, med klare rutinar for samhandling med ambulanseneste og spesialisthelsetenesta.

- Utfordringar knytt til rekruttering og stabil bemanning påverkar kontinuiteten, sesong belastning og det er behov for langsiktige tiltak for å sikre robust vaktordning. Det arbeide kontinuerlig med forbettingsprosesser for å ha berekraftig vaktordning.

Jordmorberedskap (følgeteneste) er ein kritisk faktor for trygg fødselsomsorg, særleg i distriktskommunar med lange avstandar til fødeavdeling. Tenesta skal sikre at gravide får nødvendig oppfølging og akutt hjelp ved behov. Beredskapen føreset god planlegging, høg fagkompetanse og tett samhandling med fødeinstitusjonar.

- Utfordringer knytt til stort press i beredskapen. Auka fødselstal siste år, har medført ei krevjande og til tider for stor vaktbelastning for jordmødrene. Situasjonen kan påverke kontinuitet og kvalitet i tenesta, og risikoen for slitasje og fråvær blant tilsette aukar.
- Hausten 2025 vart det sett i gang forbettringsprosessar for å styrkje beredskapen.
- Prosessen er vidareført, og det blir arbeidd med både kortsiktige og langsiktige tiltak for å etablere ei robust vaktordning.
- Kommunen er i dialog med spesialisthelsetenesta for å sikre følgetenester og styrkje samhandling.

Vurderingar:

- Tenestetilbodet i heile helsetenesta er i hovudsak i samsvar med nasjonale føringar og kommunane sine overordna planar for helse og omsorg.
- Arbeidet med kompetanseheving og fagutvikling er prioritert, men det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre tilstrekkeleg kapasitet blant innan psykisk helsevern, jordmorberedskap og legevaktberedskap.
- Samordning mellom Bykle og Valle fungerer godt på fleire område, men det er identifisert behov for å styrke strukturar for felles planlegging og ressursutnytting.
- Tenestene er i tråd med målsetjingane i kommuneplanen og folkehelseplanen, men det bør vurderast korleis digitalisering og velferdsteknologi kan nyttast meir systematisk for å auke tilgjenge og effektivitet. Dette arbeidet startar i 2026.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
200-Pleie- og omsorgstenesta	36 116	43 036	37 833	5 202	12,1 %
210-Helsetenesta i Bykle og Valle	15 421	16 892	11 327	5 566	32,9 %
Sum	51 537	59 928	49 160	10 768	18,0 %

Kommentar til status økonomi

Pleie- og omsorgstenesta

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	36 116	43 036	37 833	5 202	12,1 %

Kommentar til status økonomi

Pleie og omsorgstenesta har klart å holde sitt budsjett i 2025. Det er overforbruk på enkelte konto som vikar og overtid. Dette skuldast blant anna vakante stillingar som man leiger inn på, samt begrensa tilgang på vikarar med rett helsefarlig bakgrunn som igjen fører til overtid. Totalt sett går lønnskontoen med noko overforbruk. Det er kome inn meir i brukarbetaling og refusjonar enn budsjettet, noko som er hovudgrunna til at budsjettet er i sorte tal. I tillegg vart det løyvd midlar , kr 5 mill., til prosjekt

velferdsteknologi. Dette prosjektet kom ikkje i gong før 2026, og ein vil søke om å få overført desse midlane til 2027.

Oppsummering tiltak

Vurdere behov for innleie ved fråver. Dei fleste vakante stillingar er utlyst og vet besett i desember og januar. Det er starta på ein jobb med å få sommarvikarar på plass. Utlysing vil komme i slutten av januar. Resultata fra TØRN-prosjektet skal ut i handling. Ved å involvere tilsette skal vi få til ein oppgåveforsyning mellom tenester og mellom fagnivå, slik at man brukar rett kompetanse til oppgåver. Slik kan vi få utnytta ressursane som finnast i tenestene best mogleg og til det beste for alle. I løpet av første halvår skal bemanningplanar reviderast, dette arbeid vert sett i samanheng med Tørn-arbeidet. Velferdsteknologi skal verksettast ila 2026.

Helsetenesta i Bykle og Valle

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	15 421	16 892	11 327	5 566	32,9 %

Kommentar til status økonomi

Driftsrekneskapen for helsetenesta i Bykle og Valle viser eit positivt resultat samanlikna med budsjett:

Lønskostnader er lågare enn budsjettet, men dette heng saman med utfordringar knytt til rekruttering og høg belastning på eksisterande personell. Lågare sjukefråvær gjer og at lønskostnadene held seg innforbi ramma.

Driftsutgifter er høgare enn budsjettet, i hovudsak grunna innkjøp av medisinsk forbruksmateriell og medisinsk utstyr, samtidig med en vesentlig øre priser på akkurat dette.

Inntekter er over budsjett, noko som bidrar positivt til resultatet og kompenserer for auka driftsutgifter. Dette skuldast mellom anna etterbetaling av refusjonar frå HELFO.

Samla vurdering:

Økonomien er god, men avvik på driftsutgifter og utfordringar med bemanning peikar på behov for langsiktige tiltak. For å sikre berekraft og kvalitet framover må ein prioritere rekruttering, kompetansebygging og vurdering av alternative løysingar for beredskap.

Avvik frå rapport bevilgningsoversikt drift per budsjettområde skuldast at avsetning til og bruk av bundne fond samt statlege overføringer ligg inne i desse tala då dei hentar grunnlag frå økonomisk oversikt.

Teknisk drift og eigedom

Generelt

300 Tekniske drift og eigedom

Eininga er organisert i tre fagområde med følgjande ansvar:

1. **Bygg og eigedom:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale formålsbygg.
2. **VA og veg:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale VA-anlegg og vegar.
3. **Reinhald:** Ansvar for reinhald av kommunens formålsbygg.

Eininga skal sikre effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosessar og ressursbruk både for eksterne og interne brukarar.

Ein skal ha fokus på redusert sjukefråvær og auka trivsel for tilsette, effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering og vere med på å ta ansvar for ei heilheitleg samfunnsutvikling i Bykle kommune.

310 Teknisk drift og eigedom-selvkost

Eininga er organisert i tre fagområde med følgjande ansvar:

1. **Bygg og eigedom:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale formålsbygg.
2. **VA og veg:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale VA-anlegg og vegar.
3. **Reinhald:** Ansvar for reinhald av kommunens formålsbygg.

Eininga skal sikre effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosessar og ressursbruk både for eksterne og interne brukarar.

Ein skal ha fokus på redusert sjukefråvær og auka trivsel for tilsette, effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering og vere med på å ta ansvar for ei heilheitleg samfunnsutvikling i Bykle kommune.

Forhold til overordna planverk

300 Tekniske drift og eigedom

Eininga har ansvar for den daglege drifta og oppfølginga av kommunale bygg og anlegg, vass- og avlaupsanlegg, kommunale vegar, reinhald og relevante prosjekt innan desse områda.

Det er mange nasjonale og lokale retningslinjer som må takast omsyn til. Dei viktigaste styringsdokumenta er:

Nasjonale styringsdokument	Lokale styringsdokument
Anskaffingslova	Kommuneplan (areal- og samfunnsdel)
Forureiningslova og -forskrifta	Kommunedelplanar
Plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift	Områdeplanar
Vass- og avlaupsanleggslova	Energi- og klimaplan
Veg- og vegtrafikklova	Trafikksikkerheitsplan
Arbeidsmiljølova og -forskriftene	Hovudplanar (VA, veg, bygg/anlegg)
Internkontrollforskrifta	Lokale normer (VA, veg)
	Reinhaldsplanar
	Internkontroll- og HMS-dokument
	Budsjett og økonomiplan

Fleire av dei nemnte lokale styringsdokumenta er ikkje utarbeidde enno, men står på planen i åra framover.

Tenestetilbodet i eininga har i 2025 vore på nivå med tidlegare år. Det er generelt et relativt høgt tenestenivå for både interne og eksterne brukarar samanlikna med andre kommunar. Ein har stort sett klart å følgje opp krava og retningslinene i planverket med nokon få unntak.

Samstundes har ein i 2025 også hatt fokus på kostnadsnivå. Dette saman med færre uforutsette hendingar enn vanleg har ført til at ein har hamna et stykke under budsjettet for 2025.

310 Teknisk drift og eigedom-selvkost

Eininga har ansvar for den daglege drifta og oppfølginga av kommunale bygg og anlegg, vass- og avlaupsanlegg, kommunale vegar, reinhald og relevante prosjekt innan desse områda.

Det er mange nasjonale og lokale retningslinjer som må takast omsyn til. Dei viktigaste styringsdokumenta er:

Nasjonale styringsdokument	Lokale styringsdokument
Anskaffingslova	Kommuneplan (areal- og samfunnsdel)
Forureiningslova og -forskrifta	Kommunedelplanar
Plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift	Områdeplanar
Vass- og avlaupsanleggslova	Energi- og klimaplan
Veg- og vegtrafikklova	Trafikksikkerheitsplan

Arbeidsmiljølova og -forskriftene	Hovudplanar (VA, veg, bygg/anlegg)
Internkontrollforskrifta	Lokale normer (VA, veg)
	Reinhaltsplanar
	Internkontroll- og HMS-dokument
	Budsjett og økonomiplan

Fleire av dei nemnte lokale styringsdokumenta er ikkje utarbeidde enno, men står på planen i åra framover.

Tenestetilbodet i eininga har i 2025 vore på nivå med tidlegare år. Det er generelt et relativt høgt tenestenivå for både interne og eksterne brukarar samanlikna med andre kommunar. Ein har stort sett klart å følgje opp krava og retningslinene i planverket med nokon få unntak.

Samstundes har ein i 2025 også hatt fokus på kostnadsnivå. Dette saman med færre uforutsette hendingar enn vanleg har ført til at ein har hamna et stykke under budsjettet for 2025.

Utfordringar og strategi

300 Tekniske drift og eigedom

Teknisk drift og eigedom dekker eit breitt fagfelt, og dette medfører fleire utfordringar på tvers av dei ulike områda. Det er likevel nokre felles utfordringar som har prega arbeidet i 2025:

- **Stadig fleire oppgåver og ansvarsområde:** Nye krav og retningsliner frå myndigheitene kjem regelmessig, noko som også medfører nye oppgåver som må takast med i den kommunale drifta.
- **Trongare økonomi grunna prisvekst:** Den generelle prisauken i samfunnet har óg påverka Bykle kommune. For Teknisk drift og eigedom gjorde det seg spesielt gjeldande innan materialkostnadar og straum.
- **Administrativ kapasitet:** Den administrative kapasiteten er framleis ei utfordring sjølv om dette har blitt betre enn tidlegare år. Det er krevjande å følgje opp både dagleg drift og prosjekt.
- **Stor bygningsmasse og VA-anlegg:** Bykle kommune er ein liten kommune i høve til innbyggartal, men grunna hyttebyklarar og “to sentrums-politikken” er det ein relativt stor bygningsmasse og eit VA-anlegg like stort som ein liten by.
- **Nye prosjekt som fører til auka driftskostnadar:** Det er fokus på nye og “spanande” prosjekt, men mindre fokus på drift- og vedlikehald i etterkant.

I verksemdsplanen for 2025 er det definert fire hovudmål og fire satsingsområde med eigne tiltak for å møte utfordringane. Dei fire satsingsområda er:

- Trivsel og utvikling
- ENØK
- Digitalisering
- Kommunale bustadar

Ein kan dra fram følgjande punkter som resultat av arbeid med desse satsingsområda:

- Sjukefråværet gjekk ned frå 6,67 % i 2023 til 5,91 % i 2024 og vidare til 4,15 % i 2025.
- Prosjekta vart gjennomført innanfor økonomiske rammar.
- Drift har vore effektiv, og ein landa godt under budsjettet.
- Nye HR-program har effektivisert administrativ kvardag.
- Ny fagleiar-stilling på VA/Veg har auka den administrative kapasiteten på fagfeltet.
- Det er kjøpt inn ein ny robotklyppar på Hovden, slik at ein no har fire klypparar.
- Fire bustadar er klargjorde for sal.

310 Teknisk drift og eigedom-selvkost

Teknisk drift og eigedom dekkjer eit breitt fagfelt, og dette medfører fleire utfordringar på tvers av dei ulike områda. Det er likevel nokre felles utfordringar som har prega arbeidet i 2025:

- **Stadig fleire oppgåver og ansvarsområde:** Nye krav og retningslinjer frå myndighetene kjem regelmessig, noko som også medfører nye oppgåver som må takast med i den kommunale drifta.
- **Trongare økonomi grunna prisvekst:** Den generelle prisauken i samfunnet har òg påverka Bykle kommune. For Teknisk drift og eigedom gjorde det seg spesielt gjeldande innan materialkostnader og straum.
- **Administrativ kapasitet:** Den administrative kapasiteten er framleis ei utfordring sjølv om dette har blitt betre enn tidlegare år. Det er krevjande å følgje opp både dagleg drift og prosjekt.
- **Stor bygningsmasse og VA-anlegg:** Bykle kommune er ein liten kommune i høve til innbyggartal, men grunna hyttebyklarar og "to sentrums-politikken" er det ein relativt stor bygningsmasse og eit VA-anlegg like stort som ein liten by.
- **Nye prosjekt som fører til auka driftskostnader:** Det er fokus på nye og "spanande" prosjekt, men mindre fokus på drift- og vedlikehald i etterkant.

I verksemdsplanen for 2025 er det definert fire hovudmål og fire satsingsområde med eigne tiltak for å møte utfordringane. Dei fire satsingsområda er:

- Trivsel og utvikling
- ENØK
- Digitalisering
- Kommunale bustadar

Ein kan dra fram følgjande punkter som resultat av arbeid med desse satsingsområda:

- Sjukefråværet gjekk ned frå 6,67 % i 2023 til 5,91 % i 2024 og vidare til 4,15 % i 2025.
- Prosjekta vart gjennomført innanfor økonomiske rammar.
- Drift har vore effektiv, og ein landa godt under budsjettet.
- Nye HR-program har effektivisert administrativ kvardag.
- Ny fagleiar-stilling på VA/Veg har auka den administrative kapasiteten på fagfeltet.
- Det er kjøpt inn ein ny robotklyppar på Hovden, slik at ein no har fire klypparar.
- Fire bustadar er klargjorde for sal.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
300-Tekniske drift og eigedom	50 782	48 016	38 856	9 159	19,1 %
310-Teknisk drift og eigedom-selvkost	-20 892	-20 237	-22 789	2 551	12,6 %
Sum	29 890	27 778	16 067	11 711	42,2 %

Kommentar til status økonomi

Avvik frå rapport bevilgningsoversikt drift per budsjettområde skuldast at avsetning til og bruk av bundne fond samt statlege overføringar ligg inne i desse tala då dei hentar grunnlag frå økonomisk oversikt.

Tekniske drift og eigedom

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	50 782	48 016	38 856	9 159	19,1 %

Kommentar til status økonomi

Økonomisk sett landa eining for Teknisk drift og eigedom godt under budsjett i 2025.

Lønnskostnadane har vore noko høgare enn budsjettert i år, i hovudsak grunna auka bruk av vikarar ved kortvarige sjukefråvær i vår. Dette har ikkje hatt vesentleg innverknad på totalresultatet, men er likevel ein faktor som blir følgt med på i 2026.

Den store orsaka til det lågare forbruket er at ein har hatt færre uforutsette naudsynte tiltak på bygg og anlegg i år, og hatt meir fokus på kostnadar. Samstundes har husleigeinntekta vore høgare enn forventa grunna høgt belegg på utleigebustadane.

Samla sett vurderast det økonomiske resultatet som veldig godt.

Teknisk drift og eigedom-selvkost

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-20 892	-20 237	-22 789	2 551	12,6 %

Kommentar til status økonomi

For sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon er det nokre avvik frå budsjett i 2025, men totalt sett ligg områda an til eit resultat som er handterbart og i tråd med forventningane for året.

Lønnskostnadene er høgare enn budsjettet. Dette kjem i hovudsak av at budsjetterte lønnsmidlar for ei administrativ stilling ligg på planavdelinga, medan kostnadene vert førte på sjølvkostområda. Dette gjer at lønnsposten framstår med eit avvik utan at det representerer ein reell meirbruk.

Vidare har straumkostnadene vore noko høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Dette heng saman med generell prisutvikling og driftsbehov gjennom året.

I samband med arbeidet med ny inntaksleidning oppstod det ein uforutsett situasjon der entreprenør ved eit uhell grov over den gamle leidninga. Dette førte til at ei av membranriggane til vassreinsinga fekk inn grus og sand og vart øydelagd. Reparasjonar og driftsmessige tiltak som følgde av hendinga har medført ekstra kostnader. Saka er meldt som forsikringssak, og endelege økonomiske konsekvensar er difor ikkje avklarte enno.

På inntektssida har det vore høgare innbetalingar frå abonnentar enn budsjettet. Dette bidreg positivt til resultatet.

Oppsummering tiltak

Ikkje naudsynt eller mogleg med tiltak etter endt budsjettår

Kultur og fritid

Generelt

400 Kultur og fritid

Bykle kommune har eit breitt kultur- og fritidstilbod som omfattar bibliotek, kulturhus (grendehus og samfunnshus), ungdomsarbeid, kulturskule, samarbeid med lag og organisasjonar, Bykle frivilligsentral, idrett, friluftsliv, museum og kulturformidling både i Bykle og på Hovden.

Kommunen legg vekt på å tilby eit kvalitativt godt og variert tilbod for innbyggjarar og besøkande der målgruppa er 0-100 år.

Kultur og Fritid har ansvaret for og forvaltar kulturmidlar, prosjektmidlar, utviklingsstipend, honorarfond, LIM -midlar og kulturpris.

I budsjettet for 2025 var målet at kulturtilbodet skulle vere i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, der kommunen skal vere pådrivar i folkehelsearbeidet og skape sosiale møteplassar. Barn og unge skulle ha høg prioritet.

Budsjettmåla om å levere gode lågterskeltilbod er nådde i 2025. Årsmeldinga stadfestar at kommunen har oppretthaldt eit breitt tilbod om eit aktivt og inkluderande kulturliv.

Kulturavdelinga har gjennomført alle planlagde tiltak, og vi ser ein gledeleg trend med auka besøkstal og høg aktivitet over heile tenestefeltet. Dette stadfestar at tilboda er relevante, attraktive og treff behova til innbyggjarane på ein god måte.

Kultur og fritid leverer eit årsresultat med eit mindreforbruk. Rekneskapen viser at eininga har lukkast med auka eigenfinansiering. Sal- og leigeinntekter enda på kr 465 000. Kultur og Fritid har vore aktiv i å hente inn eksterne tilskot til prosjekt, samstundes som dei har god kontroll på refusjonsordningar.

Forhold til overordna planverk

400 Kultur og fritid

Aktiviteten i 2025 har vore tett kopla til kommuneplanen sin samfunnsdel og måla for budsjettåret.

Kulturpolitisk handlingsplan byggjer på kommuneplanen og er i tråd med nasjonale, regionale og lokale føringar, inkludert Kulturlova, Lov om folkehelsearbeid og Regionplan Agder 2030- med regional planstatregi 2024-2027.

Kultur er eit viktig verktøy for førebyggjande helsearbeid. Folkehelselova § 7 pålegg kommunen å fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold. Kulturavdelinga er sentral her, fordi deltaking i kulturlivet kan gi meistring, motverke einsemd og auke livskvaliteten.

Dei høge leigeinntektene frå kommunale kulturbygg stadfestar at eininga har lukkast med å gjere bygga til aktive møteplassar for lokalsamfunnet. Kommunale kulturbygg er attraktive møteplassar og nyttast av innbyggjarane som viser høge besøkstal .

Gjennom stabil drift av kulturskulen, støtte til sesongkort/familiesymjing, ungdomsdrift på Hegni og klubbdrift har Kultur og Fritid prioritert barn og unge i tråd med Bykle kommune sine satsingsområde.

Kulturskulen er ei av dei få kulturtenestene som er lov-pålagd, med ein konkret heimel i Opplæringslova § 13-6: "Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit tilbod om musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytting til skuleverket og kulturlivet elles."

Utbetaling av kulturmidlar har bidratt til føreseielege vilkår for lokale lag og organisasjonar. Det er ein berebjelke i den lokale kulturpolitikken.

Frivilligsentralen har hatt høg aktivitet gjennom året med fleire faste tilbod gjennom Aktiv på dagtid, og ein vellykka pop up gjenbruksbutikk. Sentralen spelar ei nøkkelrolle i inkluderingsarbeidet og samarbeider tett med lag og foreiningar både i mindre og større arrangement som TV-aksjonen og Frivilligheitsfesten.

Arbeid med kunst og kultur i andre kulturbygg (kommunen sine museumsbygg) og formidling av immateriell kulturarv samt UNESCO-samarbeid er vidareført og finansiert innanfor gitte økonomiske rammer.

Biblioteket har fungert som ein sentral møteplass med over 21 000 besøk i 2025. Satsinga på leseglede for barn og unge har gjeve resultat, der Sommarlesekampanjen utmerka seg med høg deltaking i Agder-samanheng. Tilbodet om meirope bibliotek er utvida til å gjelde elevar frå 8. klasse, noko som styrkar tilgjengelegheita for ungdom.

Folkebiblioteka er heimla i biblioteklova § 1: Biblioteka skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon. § 7: Slår fast at alle kommunar *skal* ha eit folkebibliotek med ein fagutdanna biblioteksjef.

Utfordringar og strategi

400 Kultur og fritid

Bykle kommune vil vidareutvikle innhaldet og oppretthalde dei gode tilboda i alle tenestene som ligg til kultur og fritid.

I tråd med rullering av kommuneplanen vil sektoren starte arbeidet med å revidere «Kulturpolitisk handlingsplan». Dette skal sikre at tenestene vert tilpassa lokal politikk, nye nasjonale føringar og regionale mål i Agder 2030.

Sektoren vil periodisere budsjettet i Framsikt betre og vidareføre høg service på utleige av kulturbygga. Eininga vil ha fokus på ekstern finansiering for å dekkje inn aukande driftskostnader.

Sektoren er sårbar ved fråfall av ressursar, samstundes som krav til digitalisering og universell utforming aukar. Kultur og Fritid vil halde fram satsinga på digitalisering av kulturtenester (t.d. Spond og book Up) og kompetanseheving for tilsette.

Det økonomiske overskotet frå 2025 gir eit godt utgangspunkt for vedlikehald av kulturbygg.

Under følgjer ei konkret vurdering av dei einskilde områda som vart løfta fram i budsjettet for 2025, og korleis desse vart gjennomførte;

Kulturskulen;

Målet var å tilby undervisning av høg kvalitet, auke deltakinga, og nytte innovative metodar gjennom UNESCO-prosjektet.

Kulturskulen rapporterer om 44 grunnskuleelevar og 23 vaksne deltakarar. Tradisjonsmusikk er finansiert gjennom UNESCO-midlar, og det er etablert samarbeid med Valle kulturskule. UNESCO-arbeidet er konkretisert, og tilbodet femner både barn og vaksne.

Frivillig innsats og samarbeid;

Frivilligsentralen skulle ha ei nøkkelrolle i å mobilisere innsats, og kommunen skulle styrke samarbeidet med frivillige lag.

Frivilligsentralen har vore svært aktiv med faste aktivitetar og innført nye tiltak som "Foreldretrim", "Sterke saman" og volleyball for vaksne. Ei ordning med gratis kulturbuss for frivillige lag har ført til nesten 74 % auke i bruk av bussen.

Inkludering og mangfald;

Kulturtilbodet skulle fremje inkludering, og nye innbyggjarar skulle kjenne seg velkomne. Frivilligsentralen og biblioteket har hatt fokus på inkludering av flyktningar gjennom språktrening, språkpraksis og frivillig arbeid.

Det er rapportert om konkrete tiltak for inkludering av flyktningar og nye innbyggjarar i tråd med budsjettet.

Bibliotekutvikling;

Biblioteket skulle vere ein møteplass med fokus på barn, unge og leseglede.

Biblioteket hadde over 21 000 besøk. "Sommarles"-kampanjen var ein suksess. Tilbodet om meirope bibliotek er utvida for ungdom. Boksirkel er ein viktig møteplass for vaksne. Aktiviteten og satsinga på barn svarar godt til budsjettmåla.

Møteplassar og anlegg;

Vedlikehald av kulturbygg skal sikre trygge møteplassar, samt tilrettelegging for lågterskeltrening og familiesymjing.

Hovden grendehus har stabilt høg bruk med 1981 bookingar, der Hovden Sportsklubb er største brukar (276 bookingar).

Bykle samfunnshus har 1081 bookingar med brei aktivitet frå skule, idrettslag og kulturskule, i tillegg til eit populært tilbod om familiebadning.

Kinoen på Hovden har hatt ein formidabel vekst med ein auke i besøket på heile 146,5 %, medan Bykle kino viser eit stabilt snittbesøk per film frå året før.

Bykle-Hovden fritidsklubb "SUMMIT" har i 2025 arrangert 32 klubbkveldar og 19 dagar med aktivitetar. Gjennomsnittleg deltaking på juniorklubb har vore 11 barn frå 5.-7. trinn i Bykle og 18 barn frå Hovden. Ungdomsklubb 17 ungdomar frå 8.-10. trinn.. Nytt for året var Hegni sommerkiosk 16. Juni-24. August.

Lågterskeltilboda som vart lova i budsjettet er på plass og er godt besøkt med auke i besøkstal.

Avvik frå rapport bevilgningsoversikt drift per budsjettområde skuldast at avsetning til og bruk av bundne fond samt statlege overføringar ligg inne i desse tala då dei hentar grunnlag frå økonomisk oversikt.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	11 098	12 160	11 481	679	5,6 %



Oppvekst

Generelt

500 Bykle barne- og ungdomsskule

Bykle barne- og ungdomsskule er ein 1 - 10 skule.

Skulen legg vekt på eit trygt og inkluderande læringsmiljø der kvar elev blir sett og får høve til å utvikle seg sjølv. Med engasjerte tilsette, gode fasilitetar og eit godt samarbeid mellom skule og heim arbeider Bykle skule for å gi elevane kunnskap, ferdigheiter og verdiar som førebur dei på framtida.

Skulen har i fleire år jobba for å skape ein god skulekvardag for alle. Det vil seie at skulen jobbar systematisk i heile sin organisasjon for å fremje positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Respekt, ansvar og omsorg er ombegrep skulen jobbar mykje med. Skulen har eit eige miljøteam. Det har eit ekstra ansvar for elevane sitt psykososiale miljø og trivsel.

Skulen har skulefritidsordning (SFO) som er open alle vekedagar frå kl. 07.15 til klokka 16.00. SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna og gi barna omsorg og tilsyn.

Skulen har kantine med gratis skulemat til alle. Skulemåltidet er viktig for trivsel, helse og eit godt skulemiljø. Skulen har og gratis skulefruktordning og alle elevane får frukt kvar dag.

Bykle barne – og ungdomsskule har og ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen. Me driv norskopplæring for flyktningar som kjem til kommunen og har og språkopplæring for dei som flytter til kommunen frå andre stader i Europa og resten av verda.

Skulen held seg innanfor budsjetttramma i 2025

510 Fjellgardane skule

Fjellgardane skule er ein 1 - 7 skule.

Skulen er flott plassert på Hovden med naturen som næraste nabo. Skulen nyttar lokale fasilitetar som grendehus, badeland og skiløyper aktivt i undervisninga. Onsdagar har skulen uteskuledag, der fag vert knytt til praktiske aktivitetar.

Skulefritidsordninga (SFO) er open alle vekedagar kl. 07.30–16.15 og legg til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar, omsorg og medverknad.

Skulen følgjer opplæringslova og Kunnskapsløftet, og tilbyr SFO, norskopplæring for framandspråklege, tilrettelagt undervisning, leksehjelp og fysisk aktivitet.

Skulen har gratis lunsj fire dagar i veka (eigen mat på onsdag/uteskule), gratis frukt kvar dag, leksehjelp (mest for 5.–7. trinn) og digitale verktøy i alle klassar.

Skulen kombinerer trykte bøker og digitale læremiddel for ein moderne og variert undervisning.

Skulen har 4 vaksne tilsett på SFO. Dei er viktige i skulekvardagen med drift av felles mat og auka vaksenstøtte i timar og friminutt. Skulen har eit flott personale og trivselen og arbeidsmiljøet er godt mellom dei tilsette.

Skulen sin visjonen er: Aktive og trygge elevar. Hovudoppgåva er å legge forholda best mogleg til rette for læring, og eit godt og trygt skulemiljø.

Fjellgardane skule skal vere ein skule kor kvar elev opplev eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Det er nulltoleranse for mobbing i skulen. Skulen skal sørgje for at alle elevane har det trygt og godt på skulen.

Skulen held seg innanfor budsjetttramma i 2025, sjølv om SFO har hatt eit meirforbruk.

520 Barnehage

Det er ein auke i barnetal og fødsjar i Bykle kommune. Det er positivt.

Varierende barnetal vere utfordrande når det kjem til bemanning. Barnehagen ønsker å gi eit tilpassa allmennpedagogisk tilbod slik at behovet for vedtak om spesialpedagogiske tiltak reduserast.

Bykle barnehage har dei siste åra hatt eit stabilt barnetal, noko som ein har sett i 2025 og. Det vil frå 2026 vere ei auke i barnetal og i Bykle barnehage.

Fjellgardane barnehage har det siste året gått frå å vere ein typisk treavdelings barnehage med ein avdeling for dei minste, dei under tre år som tel 2 plassar, ein avdeling for 3-4 år og ein avdeling med barn på 5-6 år. No har ein to avdelingar med barn under 3 år og ein med dei eldste barna.

Det er og vil fortsette å vere ei auke i barnetal, spesielt for dei under tre år i Fjellgardane barnehage. Det arbeidast med å finne løysingar for dette, både med tanke på areal og tilsette.

Barnehagane har eit godt og fagleg sterkt personale. Det er trivsel på arbeidsplassen og eit godt arbeidsmiljø. Dei tilsette står på og trør til der det trengs når det er sjukdom eller anna på avdelingane. Vi ser nå som barnetalet er på veg opp kor viktig det er å vere godt nok bemanna til å kunne møte dei daglege krava og utfordringane.

Det har også i 2025 vore mykje sjukdom, både i personalgruppa og blant barna. Dagens auke i krav til kvalitet kan ikkje oppretthaldast og møtast av vikarar utan erfaring eller rett kompetanse.

Barnehagane har heldt seg innan dei økonomiske rammene i 2025.

Forhold til overordna planverk

500 Bykle barne- og ungdomsskule

Opplæringslova med tilhøyrande forskrifter fastset dei juridiske rammene for grunnskulen, blant anna retten til tilpassa opplæring, vurdering og elevane sitt skulemiljø.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 styrer det pedagogiske innhaldet og strukturen i undervisninga.

Det overordna planverket for skulen legg grunnlaget for innhaldet i opplæringa og prinsippa for skulen sin praksis. Overordna del av læreplanverket inneheld verdiane og prinsippa som skal styre opplæringa, som menneskeverd, identitet, kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit. Dette planverket sikrar at skulen arbeider systematisk og målretta for å fremje elevane sin læring og utvikling.

For å sikre eit heilskapleg tenestetilbod, må skulen samarbeide og samordne tiltak med ulike instansar. Dette inkluderer samarbeid med helse- og omsorgstenesta, barnevernet, helse, PPT og andre relevante tenester. Skulen skal sørge for at alle tiltak er godt koordinerte og tilpassa den enkelte eleven sine behov.

Skulen har eit breitt spekter av tenestetilbod som skal støtte elevane sin læring og trivsel. Desse tenestene inkluderer rådgjeving, spesialpedagogisk hjelp, skulehelsetenesta og samarbeid med ulike eksterne instansar. For å sikre at desse tenestene blir gitt på ein effektiv og heilskapleg måte må dei vere godt integrerte i det overordna planverket for skulen.

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om sosiale og personlege forhold som kan påverke korleis dei har det på skulen. Dette inkluderer hjelp til å finne seg til rette i opplæringa og støtte ved personlege, sosiale og emosjonelle utfordringar. Skulen skal samarbeide med relevante instansar utanfor skulen, som skulehelsetenesta, PPT, psykisk helse og barnevernet for å sikre at elevane får den hjelpa dei treng.

For elevar med spesielle behov tilbyr skulen spesialpedagogisk hjelp. Dette kan inkludere individuell og tilpassa opplæring og anna tilrettelegging av undervisninga. Dette skjer i samspel med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT). Skulen skal sørge for at desse tenestene er godt koordinert og tilpassa den enkelte eleven sine behov. PPT Setesdal har faste kontordagar på skulen.

Skulehelsetenesta er ein viktig del av tenestetilbodet som gis på skulen. Denne tenesta skal fremje elevane sin helse og trivsel gjennom helsekontrollar, vaksinasjonar og rådgiving om helse og livsstil. Skulen samarbeider tett med skulehelsetenesta for å sikre at elevane får nødvendig helsehjelp. Helsesyster er på skulen 2 dagar i veka.

510 Fjellgardane skule

Opplæringslova og forskriftene gir dei juridiske rammene for grunnskulen, inkludert retten til tilpassa opplæring, vurdering og eit trygt skulemiljø.

Kunnskapsløftet 2020 styrer innhaldet og strukturen i undervisninga. Overordna del legg grunnlaget for verdiane som skal prege opplæringa, som menneskeverd, identitet, kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit.

Skulen samarbeider med helse- og omsorgstenesta, PPT, barnevern og andre instansar for å koordinere tiltak og tilpasse dei til elevane sine behov.

Elevane har rett til rådgiving om sosiale og personlege forhold som påverkar skulekvardagen. Skulen samarbeider med skulehelsetenesta, PPT og psykisk helse og familiestøtte for å sikre nødvendig hjelp.

Elevar med særskilde behov får tilpassa opplæring og støtte i samarbeid med PPT, som har faste kontordagar på skulen.

Skulehelsetenesta fremjar helse og trivsel gjennom helsekontrollar, vaksinasjonar og rådgiving. Helsesyster er til stades ein dag i veka.

520 Barnehage

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Lek, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.» *Rammeplan for barnehage kap. 1*

«Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.» *Lov om barnehagar §1*

Barnehagane i Bykle kommune tilbyr tenester av høg kvalitet for å støtte barns utvikling og trivsel. Bykle kommune har historisk, gjennom høg grunnbemanning, motverka sårbarheit knytt til fleksibelt barnehageopptak, styrka allmennpedagogisk innsats, spesialpedagogisk oppfølging, møter, utviklingsarbeid, korttidsfråvær og avgrensa tilgang på vikarar. Bykle kommune er nå på linje med andre kommunar og barnehagar, dette på grunn av den positive auken i barnetal, som ein og ser vil vare ei tid. Bykle kommune vil vurdere ei auke i bemanninga i eininga.

Barnehagane driftast i samsvar med nasjonale og lokale lovar og planverk.

Barnehagane har som mål å gi eit utfordrande og lærerikt oppvekstmiljø, der ein godkjend årsplan har vore eit viktig arbeidsreiskap. Utarbeiding av årsplan gjerast i samarbeid med dei tilsette og er ein prosess som gjeng over lengre tid, dette for at årsplanen skal vere eit arbeidsdokument og brukast i det daglege arbeidet på avdelingane med barna.

Barnehagane er i dagleg dialog med dei føresette. Det gjennomførast oppstartssamtalar for nye barn, foreldresamtalar minst to gonger per år, foreldremøte og møter i samarbeidsutvalet. I tillegg til at både dei føresette og dei tilsette kan be om ein samtale med kvarandre når det skulle vere naudsynt elles i året.

Barnehagane har årleg ei foreldre-undersøking i regi av utdanningsdirektoratet.

Utfordringar og strategi

500 Bykle barne- og ungdomsskule

Skulemiljøet spelar ei avgjerande rolle i elevane sin trivsel og læring. Eit godt skulemiljø kan fremje positiv utvikling, medan eit dårleg skulemiljø kan ha negative konsekvensar for både elevar og tilsette. Det finst fleire forhold knytt til skulemiljøet som skulen må handtere for å sikre ein trygg og inkluderande læringsarena.

- Mobbing og trakassering (førebyggje og handtere)
- Psykisk helse (skulen har tilgjengelege ressursar for støtte og hjelp)
- Fysisk miljø (reinhald, leikeområde, aktivitetar, vedlikehald)
- Sosiale relasjonar (skulen jobbar med å bygge gode relasjonar kvar dag)
- Inkludering og mangfald (alle skal føle seg sett og verdsett og ha moglegheit til å lukkast)

Skulen har i fleire år jobba for å skape ein god skulekvardag for alle. Det vil seie at skulen jobbar systematisk i heile organisasjonen for å fremje positiv åtferd, inkluderande læringsmiljø og samhandling. Respekt, ansvar og omsorg er omgrep skulen jobbar mykje med. Skulen har eit eige miljøteam. Dei har eit ekstra ansvar for elevanes psykososiale miljø og trivsel. Skulen jobbar og godt tverrfagleg med helse, psykisk helse og familiestøtte, PPT og helsesyster.

Digitalisering har revolusjonert måten skular opererer på og har ført med seg både moglegheiter og utfordringar. Medan digitale verktøy kan fremje læring og engasjement, kan dei også skape nye forhold som skular må handtere.

- Tekniske utfordringar (god maskinvare, stabil kommunikasjon, kunnskap elevar og tilsette)
- Digital kompetanse hos elevar og tilsette (jamleg opplæring og kursing)
- Personvern og sikkerheit (trygg handtering og lagring av personopplysningar)
- Skjermtid og helse (ein god balanse i bruken av digitale verktøy i skulekvardagen)
- Tilgang og ulikskap (sikre at alle elevar har lik tilgong til teknologi og ressursar)

Bykle barne- og ungdomsskule brukar både bøker og digitale læringsressursar. Det er med på å skape ein variert og god skulekvardag. Det er PC eller nettbrett som blir bruka og kvar elev har sin eigen PC, eller nettbrett. Kompetanse frametter hos tilsette og elevane vil bli viktig. Bruken av til dømes KI vil utfordre skulen på mange område.

Kompetanse og rekruttering er to av dei mest kritiske faktorane for å sikre høg kvalitet i skulen. Å ha tilstrekkeleg med kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar er avgjerande for elevane si læring og utvikling. Fram til no har skulen i Bykle fått tak i dyktige og kvalifiserte medarbeidarar og klart å behalde dei. Det må likevel ikkje bli ei kvilepute.

- Kompetanseheving (for å møte stadig endra krav må me ha ei kontinuerleg heving av kompetanse)
- Arbeidsmiljø og trivsel (arbeide aktivt for eit støttande og positivt arbeidsmiljø)

510 Fjellgardane skule

Eit godt skulemiljø er avgjerande for trivsel og læring. Skulen jobbar systematisk for å skape ein trygg og positiv kvardag med respekt, ansvar og omsorg som kjerneverdier. Fokusområde er:

- Førebygging av mobbing
- Psykisk helse og støtte
- Godt fysisk miljø
- Gode relasjonar
- Inkludering og mangfald

Skulen samarbeider tett med helsesyster, PPT og psykisk helse og familiestøtte.

Digitale verktøy gir nye moglegheiter, men krev kompetanse og balanse. Fokusområde er:

- Stabil teknologi og opplæring
- Trygg handtering av persondata
- Balansert skjermtid
- Lik tilgang til digitale ressursar

Alle elevar har PC eller nettbrett, og skulen kombinerer bøker med digitale læringsressursar.

Dyktige tilsette er nøkkelen til kvalitet. Skulen har kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar, men må kontinuerleg utvikle kompetansen. Fokusområde er:

- Kompetanseheving – kontinuerleg fagleg oppdatering og kursing
- Godt arbeidsmiljø og trivsel
- Rekruttering og stabilitet – tiltrekkje og behalde kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar
- Kompetanseutvikling – digitale verktøy, klasseleiing og inkluderande praksis
- Leiarutvikling – styrking av rektor - kompetanse for pedagogisk leiing
- Fleksibilitet og delingskultur – samarbeid på tvers av trinn og teamarbeid
- Framtidsretta kompetanse – digital kompetanse og KI-bruk i undervisning

Skulen har god og forsvarleg økonomistyring. Personalet er vår viktigaste ressurs, og løn utgjer den største delen av kostnadene.

Som fådelt skule samlar Fjellgardane skule fleire årstrinn i undervisninga, men prioriterer deling i kjernefaga norsk, matematikk og engelsk for best mogleg læring.

Skulebygget og det tekniske utstyret held god standard, men uteområdet vil trenge oppgradering om nokre år. Slitasjen er stor fordi området blir mykje brukt både av elevar og turistar utanom skuletid.

Den største økonomiske utfordringa er knytt til SFO, som har eit meirforbruk i 2025. Hovudårsaka er lågare inntekter frå foreldrebetaling enn forventa, samt feil stillingsprosent for enkelte tilsette – delar av stillingsprosenten skulle vore ført på skule. Vi må korrigere stillingsprosentane og vurdere tiltak for å sikre balanse, samstundes som kvaliteten blir oppretthaldt. For Fjellgardane skule gir mindrebruket rom for å vurdere om planlagde tiltak er gjennomført som forventa.

Framover bør skulen styrkje prognosearbeidet og analysere årsakene til avvik for å sikre betre treffsikkerheit i budsjettstyringa.

520 Barnehage

I 2025 har barnehagen møtt nokre utfordringar som har påverka daglege drift og utvikling. Nokre av dei mest framståande utfordringane inkluderer:

Å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning har vore ei kontinuerleg utfordring. Barnehagane har opplevd periodar med høgt sjukefråvær og vanskar med å få vikarar. Barnetalet, særleg i Fjellgardane barnehage har auka det siste året, noko ein ser igjen på bemanninga. Frå å ha høg grunnbemanning ser ein at det og i Bykle kommune nærmar seg minimumskravet i lova for grunnbemanning.

For å møte desse utfordringane og sikre ei vidare fagleg utvikling for barnehagen, jobbar vi med:

Rekruttering: Vi vil framover intensivere våre rekrutteringskampanjar ved å vere meir synleg på utdanningsmesser og ha fleire studentar som får praksisplass i barnehagane. Vi må sjå på utlysingstekstar og kva vi kan tilby som andre ikkje har/kan. Dette kan bidra til å sikre at vi har kvalifisert personale til ei kvar tid. Vi har sett i år at det er få søkjarar til stillingane våre, vi må vere ein konkurransedyktig og attraktiv arbeidsplass.

Kompetanseheving: Saman med skular og barnehagar i både Bykle og Valle kommune har dei tilsette hatt kompetanseheving i samarbeid med UiA i Kompetanseløftet+. Innhaldet har gått på tema inkludering, vaksenrolla og det profesjonelle læringsfellesskapet. Barnehagane har intern og ekstern kompetanseutvikling med ulike kurs og tema kvart år. Barnehagane har livredningskurs i vatn utandørs kvar haust i tillegg til årleg førstehjelpskurs.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
500-Bykle barne- og ungdomsskule	19 027	19 130	19 161	-31	-0,2 %
510-Fjellgardane skule	13 997	14 209	13 360	849	6,0 %
520-Barnehage	12 088	16 103	14 022	2 081	12,9 %
Sum	45 112	49 442	46 543	2 899	5,9 %

Bykle barne- og ungdomsskule

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	19 027	19 130	19 161	-31	-0,2 %

Kommentar til status økonomi

Gratisprinsippet i norsk skule har gjeve skulen større utgifter for blant anna Kvite Bussar tur som gjennomførast kvart år for 10.klasse.

Skulen har i 2025 kjøpt inn mykje utstyr til skulekjøkken/kantine for å ha ei ennå betre matehygiene og bevaring av maten.

Skulen har og i 2025 endra menyen i kantina for å gje elevane eit endå betre tilbod. Dette har skjedd i samråd med elevrådet. Innkjøp av mat er ein stor kostnad.

Skuleskyssen har og blitt dyrare då mange av dei Ukrainske Flyktningane som gjeng på skule tek bussen til Bykle for språkopplæring.

Fjellgardane skule

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	13 997	14 209	13 360	849	6,0 %

Kommentar til status økonomi

Totalt sett vil Fjellgardane skule holde budsjettet for budsjettåret 2025. Vi har som tidlegare meldt eit underforbruk på løn, medan vi har eit overforbruk på utgifter. Eininga har høgare inntekter en budsjettera. Storparten av desse inntektene er sjukelønnsrefusjonar som overstig det som er budsjettera - desse auka inntektene kan sjåast direkte mot innleige av vikar pga sjukdom. Ein kan sjå og har visst heile tida at vil vere eit overforbruk knytt mot SFO - dette skyldast minka inntekter for opphald samt at nokre av dei tilsette ved SFO står med for høg stillingsprosent på SFO- der dei skulle vore sett på skule.

Barnehage

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	12 088	16 103	14 022	2 081	12,9 %

Kommentar til status økonomi

Lønskostnadane har vore noko høgare på grunn av sjukdom og anna fråver i 2025. I hovudsak er dette grunna at det setjast inn vikarar frå første fråversdag, då det er eit lovfesta minimumskrav til bemanning i barnehage. Dette har blitt delvis inndeckt av refusjon på lønn og har ikkje innverknad på totalresultatet. Men det er noko ein må følgje med på framover med større barnegrupper i barnehagane, og spesielt i Fjellgardane barnehage.

Avvik frå rapport bevilgningsoversikt drift per budsjettområde skuldast at avsetning til og bruk av bundne fond samt statlege overføringar ligg inne i desse tala då dei hentar grunnlag frå økonomisk oversikt.



Interkommunale samarbeid/anna eksternt

Generelt

Interkommunale samarbeid/anna eksternt gjelder områder det vi har samarbeid med interkommunale selskap (iks), vertskommunar, områder der løyving er gitt etter egen søknad (Bykle sokn, Destinasjon Hovden o.l.) og andre interkommunale samarbeid.

Dei fleste av dei interkommunale samarbeida vert budsjett vedteke i representantskap. For samarbeid innanfor barnevern og nav vert ein belasta for bruk gjennom året, og ein må dekke dei behov som oppstår gjennom året.

Det vert lagt fram eigne årsrapportar frå nav og barnevernssamarbeidet.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	34 004	35 743	37 456	-1 713	-4,8 %

Kommentar til status økonomi

Avvik frå budsjett vurderast som akseptabelt. Enkelte samarbeid ligg under budsjett, andre over.

Interkommunale samarbeid/anna eksternt

Sentrale inntekter og utgifter

Generelt

Sentrale inntekter og utgifter dekker bruk av og avsetning til fond, samt skatt, avgift og finans som kraftinntekter, renter og utbytte, kraftinntekter og andre inntekter som ikkje ligg inn under driftseiningane.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

3	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
700-Fond,interne overføringer	15 157	0	5 989	-5 989	0,0 %
701-Skatt,avgift,finans	-63 534	-59 620	-67 934	8 314	13,9 %
Sum	-48 377	-59 620	-61 945	2 325	3,9 %

Kommentar til status økonomi

Bruk av og avsetning til fond vert gjort ut i frå behov. Mindreforbruk samla sett gjev at ein ikkje nyttar fond som budsjetttert. Mindreforbruk skuldast høgare inntekter mellom anna på skatt, avgift og rammatilskott.



Årsrekneskap med noter

Fullstendig årsrekneskap med noter vert framlagt i eige dokument